

Utøving av åtferdsbehov i innandørs svinehald i næring

Kandidatnummer: 556

Leveringsfrist: 25. november 2017

Tal på ord: 15 734



Innhaldsliste

1	INNLEIING.....	1
1.1	Tema og aktualitet.....	1
1.2	Problemstilling	2
1.3	Omgrepssforklaring og avgrensingar	3
1.4	Rettskjeldebiletet.....	4
1.4.1	Dyrevelferdslova § 23	4
1.4.2	Svinehaldsforskrifta.....	5
1.4.3	Rådsdirektiv 2008/120/EF med fylgjande oppmodings- og arbeidsdokument.....	5
1.4.4	Anbefalinga frå Europaratet om gris	7
1.4.5	Forvaltningspraksisen til Mattilsynet	7
1.5	Framstillinga vidare	8
2	GOD VELFERD GJENNOM LEVEMILJØ	9
2.1	Åtferdsbehova til grisen og risikofaktorar	9
2.1.1	Etologi	9
2.1.2	Risikofaktorar og samanlikning med føresegner i svinehaldsforskrifta	11
2.2	God velferd med ny kunnskap om evner og behov hjå dyra	12
2.2.1	Samspelet mellom god dyrevelferd, eigenverdi og levemiljø	12
2.3	Andre føresegner i dyrevelferdslova som gjeld levemiljø	15
2.3.1	Tilpassing til haldet, stell og driftsform.....	15
2.3.2	Kompetanse hjå dyrehaldar etter dyrevelferdslova	16
3	UTØVING AV ÅTFERDSBEHOVA TIL GRISEN I INNANDØRS SVINEHALD ETTER DYREVELFERDSLOVA § 23.....	17
3.1	Det materielle innhaldet i dyrevelferdslova § 23	17
3.1.1	Innleiing.....	17
3.1.2	Kven krava og plikta gjeld for.....	18
3.1.3	Å sikre «artstypiske og individuelle behov» i innandørs svinehald	19
3.1.4	Eit «miljø» som gjev god velferd i innandørs svinehald	20
3.1.5	Legge til rette for «stimulerende aktiviteter» og «bevegelse»	22
4	GOD VELFERD GJENNOM LEVEMILJØ ETTER SVINEHALDSFORSKRIFTA	24
4.1	Svinehaldsforskrifta som reiskap til å innfri kravet om god velferd.....	24
4.1.1	Varetaking av trivsel og omsynet til naturlege behov hjå grisen	24

4.1.2	Kompetanse hjå dyrehaldar etter svinehaldsforskrifta	24
4.2	Vern av gris etter rådsdirektiv 2008/120/EF og anbefalinga frå Europarådet om gris ..	25
4.2.1	God velferd for gris etter rådsdirektiv 2008/120/EF	25
4.2.2	God velferd for gris etter anbefalinga frå Europarådet om gris	26
5	UTØVING AV ÅTFERDSBEHOVA TIL GRISEN OG REAKSJONAR PÅ BINGEMILJØET ETTER SVINEHALDSFORSKRIFTA	27
5.1	Hindring av halebiting med bruk av rotemateriale	27
5.1.1	Innleiing.....	27
5.1.2	Det materielle innhaldet i svinehaldsforskrifta § 21.....	27
5.1.3	Rådsdirektiv 2008/120/EF med fylgjande oppmodings- og arbeidsdokument	28
5.1.4	Regulering av rotemateriale etter anbefalinga frå Europarådet om gris.....	29
5.1.5	Vurderinga Mattilsynet gjer av svinehaldsforskrifta § 21 etter rettleiaren og tilsynsvedtak	30
5.2	Hindring av slagsmål med handtering og bingeutforming.....	32
5.2.1	Innleiing.....	32
5.2.2	Det materielle innhaldet i svinehaldsforskrifta § 8 fjerde og femte ledd	33
5.2.3	Det materielle innhaldet i svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd.....	34
5.2.4	Hindring av slagsmål etter anbefalinga frå Europarådet om gris	36
5.3	Oppsummering.....	37
5.3.1	Krav til rotemateriale etter svinehaldsforskrifta § 21	37
5.3.2	Stabile grupper og moglegheiter til å rømme	38
LITTERATURLISTE.....	39	

1 Innleiing

1.1 Tema og aktualitet

Tema for oppgåva er utøving av åtferdsbehov for smågris etter avvenning og slaktegris i innandørs svinehald i næring. Åtferdsbehov er åtferder som er naudsynte for at grisene skal kunne oppretthalde ein normal fysiologisk og psykologisk tilstand.¹ Dersom det fysiske eller sosiale miljøet i svinehaldet ikkje er eigna til at smågris etter avvenning og slaktegris får utøvd åtferd dei er motivert til, vil svineprodusenten kunne få problem med blant anna slagsmål mellom grisane og halebiting.²

Manglande varetaking av utfoldingsmoglegitene og roteåtferda til smågris etter avvenning og slaktegrisen har økonomiske konsekvensar for svineprodusenten. Til dømes vil svinerøktaren bruke tid og plass i bruksbesetninga til stell eller avliving av angripne grisar. Svineprodusenten kan også tape inntekt ved kassering av slakt med verkebyllar etter halebiting.³ Grisen opplever stress og liding når den bit eller vert angripen av andre grisar. Det ligg såleis føre eit velferdsproblem dersom svinerøktaren har manglande kunnskap om åtferdsbehova til grisene, og ikkje legg til rette for eit stimulerande levemiljø i bruksbesetninga.

Bruk på smågris etter avvenning og slaktegris i bruksbesetningar stiller dyrevelferdslova § 23 første ledd første punktum⁴ [frå no dvl.] krav til svineprosenten eller andre med ansvar for grisane om å gje dei «mulighet for stimulerende aktiviteter, bevegelse, hvile og annen naturlig atferd». Med heimel i blant anna dvl. § 23 gjev forskrift om hold av svin⁵ [frå no svinehaldsforskrifta] meir detaljerte føresegner om utøving av åtferdsbehova til grisene for å innfri kravet om eit levemiljø som gjev «god velferd».

Eit utslag av dette er at alle grisar til kvar tid ha tilgang på til dømes høy eller halm dei kan undersøkje og rote i etter svinehaldsforskrifta § 21. Utøving av åtferdsbehova til smågris etter avvenning og slaktegris når det gjeld å utforske miljøet ved roteåtferd vil kunne hindre halebiting.⁶ Vidare kan slåssing bli hindra ved at særleg aggressive grisar skal takast ut av bingen etter svinehaldsforskrifta § 8 femte ledd. Smågris som har blitt blanda skal ha moglegheit til å rømme frå gris dei deler bingene med, når dei vert angripne etter

¹ NLH (2004) s. 25.

² Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 108, jf. NLH (2004) s. 26. St.meld. nr. 12 (2002 - 2003) s. 162.

³ Animalia helsetjenesten for svin (2016).

⁴ Lov 19. juni 2006 nr. 97 om dyrevelferd. (dyrevelferdsloven).

⁵ Forskrift av 18. februar 2003 nr. 175 om hold av svin. (forskrift om hold av svin).

⁶ St.meld. nr. 12 (2002 - 2003) s. 162.

svinehaldsforskrifta 26 tredje ledd. Krav til kunnskap hjå dyrehalar gjennom føreseggnene i svinehaldsforskrifta er difor eit viktig verkemiddel for utøving av åtferdsbehova til smågris etter avvenning og slaktegris for å hindre halebiting og slagsmål.

At temaet er aktuelt kan visast ved at næringskomiteen i februar 2017 gav ei innstilling til Stortinget om eit løft for dyrevelferda. I representantforslaget vart det gjort gjeldande at det er naudsynt med tydelegare forskrifter for å realisere krava etter dvl. § 23 om levemiljø.⁷ Tilrådinga i innstillinga om ein gjennomgang av forskriftene om hald av dyr vart einstemmig vedteke i Stortinget i mars 2017. På forvaltningsnivå kan aktualiteten til temaet visast ved at Mattilsynet i mai 2017 starta eit eige tilsynsprosjekt for slaktegris i Rogaland. Tilsynsprosjektet vart starta opp som følgje av at Mattilsynet stadig oftare avdekte årlege forhold i slaktegrisbesetningar når dei kom på tilsyn som ikkje var varsle. Tilsyna avdekte blant anna slaktegris med for lite eller manglende rotmateriale og alvorleg halebiting. Det vart også avdekt sjuke og skada slaktegris som ikkje hadde blitt isolert i eiga sjukebinge eller avliva.⁸

1.2 Problemstilling

Problemstillinga er kva krav dvl. § 23 og svinehaldsforskrifta stiller til dyrehalar når det gjeld å legge til rette for utøving av åtferdsbehova til smågris etter avvenning og slaktegris i innandørs svinehald i næring. Under dette er spørsmålet kva som utgjer det materielle innhaldet i svinehaldsforskrifta § 21, og korleis denne føresegna søker å hindre halebiting ved å regulere det naturlege behovet smågris etter avvenning og slaktegris har til å utforske miljøet ved roteåferd. Vidare er spørsmålet kva som utgjer det materielle innhaldet i svinehaldsforskrifta §§ 8 fjerde og femte ledd og 26 tredje ledd, og korleis reguleringa i desse føreseggnene søker å hindre slagsmål ved å imøtegå rangforholda og reaksjonane desse grisane har på eit stimulusfattig bingemiljø.

I samband med tolkinga av dei utvalde føreseggnene som regulerer åtferdsbehov ved hindring av halebiting og slagsmål etter svinehaldsforskrifta omfattar problemstillinga ei analyse av likskapar og skilnadane ved desse føreseggnene mot reguleringa i rådsdirektiv 2008/120/EF⁹

⁷ Innst. 199 S (2016 - 2017) s. 1.

⁸ Mattilsynet (2017).

⁹ Rådsdirektiv 2008/120/EF av 18. desember 2008 om fastsetjing av minstestandardar for vern av svin (kodifisert utgåve). [frå no rådsdirektiv 2008/120/EF]

Kommissionens henstilling (EU 2016/336) om anvendelsen af r.dir 2008/120/EF. [frå no oppmoding] Arbejdsdokument fra kommissionens tjenestegrene om bedste praksis med henblik på at [...] give svin beskæftigelses- og rodemateriale (2016). [frå no arbejdsdokumentet]

med fylgjande oppmodings- og arbeidsdokument, samt anbefalinga frå Europarådet om gris.¹⁰ Vidare blir det reist spørsmål om korleis Mattilsynet vurderer føresegna i svinehaldsforskrifta om krav til rotemateriale i tilsynsvedtak etter rettleiaren om tildeling av aktivitets- og rotemateriale for gris med vedlegg.¹¹

1.3 Omgrepsforklaring og avgrensingar

Ein «slaktegris» er ein gris over ti vekes alder som primært blir halden for slakt eller avl, jf. svinehaldsforskrifta § 3 bokstav g. Gris som er i denne livsfasen er særleg nyfikne, aktive og har stort behov for sysselsetting. Dyrevelferdsmeldinga peikar på at dette kan vere eit problem i stimulusfattige bingar, og at velferdsproblem som knyter seg til halebiting gjer seg sterkest gjeldande for slaktegris.¹² Føresegna i svinehaldsforskrifta som regulerer bruk av rotemateriale blir difor tolka og vurdert ut i frå korleis denne reguleringa kan hindre halebiting på slaktegris.

Etter svinehaldsforskrifta § 3 bokstav e blir ein «smågris» omtala som ein gris frå fødsel og inntil ti vekes alder. Tidspunktet der smågris blir fråteke moglegheita til å die naturleg er omtala som «avvenning», jf. svinehaldsforskrifta § 3 bokstav f. Etter svinehaldsforskrifta § 9 første ledd skal avvenjinga av smågrisar tidlegast skje når dei er rundt 28 dagar gamle. Dyrevelferdsmeldinga viser til at åferdsrelaterte problem ved samanblanding av smågris etter avvenning som ikkje kjenner kvarandre og konkurranse om ressursar, fører til sosial uro, stress og slåssing.¹³ Føresegnene i svinehaldsforskrifta som regulerer tiltak ved blanding av smågris og aggressive gris skal difor bli tolka og vurdert ut i frå korleis desse reguleringane kan hindre slagsmål for smågris etter avvenning og slaktegris. Føresegnene regulerer såleis tiltak svineprodusenten eller andre med ansvar for grisane skal gjere for å hindre aggressiv åferd som ikkje er ynskja saman med tiltak for å betre situasjonen for gris som blir angripne.

¹⁰ Standing Committee of the European Convention for the Protection of Animals kept for Farming Purposes - Recommendation Concerning Pigs (2004). [frå no anbefalinga frå Europarådet om gris]

¹¹ Fylka med størst svineproduksjon er Rogaland, Nord-Trøndelag og Hedmark. Eg spurte difor om innsyn i desse fylka og fekk søknad innvilga 21.08.2017 hjå Mattilsynet region Sør-Vest, Midt og Øst. Eg etterspurde særleg tilsynsrapportar der det var fatta vedtak om verkemiddelbruk for brot på svinehaldsforskrifta § 21 i slaktegrisbesetningar. Mattilsynet gjorde eit tilfeldig utval av tilsynsrapportar frå 2017 som omfatta denne føresegna. Eg har ikkje omtala namn, eller skrive andre opplysingar som kan tilkjennegje personane eller føretaka tilsynsrapportane med vedtak gjeld for.

Rettleiar for tildeling av aktivitets- og rotemateriale for gris med vedlegg I og II blei publisert 10. november 2017.

¹² St.meld. nr. 12 (2002 – 2003) s. 68, 70, 71 og 162.

¹³ St.meld. nr. 12 (2002 – 2003) s. 70.

Årsaka til at oppgåva er avgrensa til smågris etter avvenning og slaktegris er at det i desse livsfasane er særleg aktuelt for dyrehaldar å utøve førebyggjande miljøtiltak i driftsrutinane for å hindre halebiting og slagsmål. Omgrepene «gris» og «slaktegris» vil bli nytta i den vidare framstillinga, og det vil bli presisert når det er tale om smågris etter avvenning.

1.4 Rettskjeldebiletet

1.4.1 Dyrevelferdslova § 23

Det ligg føre fleire metodiske utfordringar ved fastlegginga av det materielle innhaldet i dvl. § 23 når det gjeld krav føresegna stiller til dyrehaldar om å leggje til rette for at grisen får utøvd åtferdsbehova sine. Ved tolkinga av denne materielle føresegna skal det ifølgje førearbeida takast høgde for endringar i haldningar til dyr i samfunnet samt ny kunnskap om dei fysiologiske og åtferdsmessige behova dyra har i levemiljøet.¹⁴ Dei metodiske utfordringane knyter seg her til korleis haldningane i samfunnet skal registrerast, og utviklinga av innverknaden fagkunnskap har på tolkinga av føresegna.¹⁵ Ved lovarbeidet til dyrevelferdslova blei det ikkje laga nokon offentleg utgreiing, men odelstingsproposisjonen tek opp i seg utviklinga i kunnskapen om dyrs evner og behov som vart utgreidde i dyrevelferdmeldinga.¹⁶

Ei vidare utfordring er at det ikkje ligg føre nokon avgjersler frå domstolane som klårgjer innhaldet i dvl. § 23, når gjeld krav til dyrehaldar om å leggje til rette for utøvinga av åtferdsbehova til dyret. Dyrevelferdslova tredde i kraft 1. januar 2010, og erstatta dyrevernlova frå 1974. Krav til dyrs levemiljø etter dvl. § 23 er i hovudsak ny i forhold til dyrevernlova, men vidarefører § 4 i dyrevernlova om regulering av tilhaldsrom og prinsippa som tidlegare vart utleia frå dyrevernlova § 2 om naturleg åtferd hjå dyret.¹⁷ Rettspraksis etter dyrevernlova som klårgjer innhaldet etter desse føresegne, omhandlar vanstellsaker.¹⁸ Domstolen behandla difor i lita grad krav til levemiljø, som kunne vore nytta i vurderinga av dvl. § 23. I den grad rettspraksis omtalar dvl. § 23, har dommar frå Høgsterett særleg relevans og vekt. Frå underrettspraksis kan argument utleia saman med andre rettskjelder for fastlegging av innhaldet i dvl. § 23.

¹⁴ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 12, 64 og 109.

¹⁵ Sml. LE-1999-306.

¹⁶ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 12. St.meld. nr. 12 (2002 - 2003) s. 11.

¹⁷ Stenevik (2011) s. 247.

¹⁸ Sjå til dømes Rt. 1975 s. 807 og Rt. 1990 s. 974 på s. 976.

Regelverket som har innverknad på utøving av åtferdsbehov i innandørs svinehald i næring, er lite omtala i juridisk litteratur og kan førebels reknast for å vere ein mindre kjent del av rettsområdet. Rettskjeldekapittelet vil difor kort omtale dei andre relevante rettskjeldene og peike på parallelar i reguleringa deira av utøving av åtferdsbehov for å hindre halebiting og slagsmål.

1.4.2 Svinehaldsforskrifta

Svinehaldsforskrifta skal tene som reiskap til å sikre føremålet i dyrevelferdslova om god velferd, jf. dvl. § 1, jf. svinehaldsforskrifta § 1. Svinehaldsforskrifta vart fastsett av Landbruksdepartementet [no Landbruks- og matdepartementet] i 2003 med heimel i blant anna dvl. § 23 tredje ledd.¹⁹ Svinehaldsforskrifta vart sist endra i 2012, og gjev uttrykk for kva Landbruks- og matdepartementet vurderte som eit eigna svinehald etter dyrevelferdslova.²⁰ Innhaldet i vilkåret om «god velferd» gjennom levemiljøet etter dvl. § 23 set rammer for korleis føresegner i svinehaldsforskrifta blir utforma.

I tilfelle føresegner i svinehaldsforskrifta ligg utanfor rammene til dvl. § 23 ved å ikkje sikre eit miljø som gjev «god velferd» ut frå «artstypiske og individuelle behov», vil lovføresegna etter lex superior-prinsippet gå føre føresegner i svinehaldsforskrifta.²¹ Rettsspraksis viser til at domstolane bør halde attende med å overprøve forskrifter med heimel i lov.²² Ny kunnskap om korleis grisene opplever levemiljøet sitt, vil ifølgje førearbeida over tid få betyding for kva konkrete miljøkrav ein kan innførtolke i dvl. § 23, og såleis nedfelle krav om svinehaldsforskrifta.²³

1.4.3 Rådsdirektiv 2008/120/EF med fylgjande oppmodings- og arbeidsdokument

Vedlegg I til EØS-avtalen om veterinære og plantesanitære forhold kapittel 9 omfattar rettsakter om dyrevelferd. Ein av desse rettsaktene er den kodifiserte versjonen av Europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/120/EF om fastsetjing av minstestandardar for vern av svin som er implementert i svinehaldsforskrifta.²⁴ Førearbeida til dyrevelferdslova viser til

¹⁹ Forskrift om delegering til LMD og FKD etter dyrevelferdslova. Svinehaldsforskrifta er heimla i dvl. §§ 6, 7, 8, 9, 23, 24, 25 og 38.

²⁰ Forskrift 28. juni 2012 nr. 690 om endring i forskrift om hold av svin. Stenevik (2011) s. 92.

²¹ Eckhoff (2001) s. 350.

²² Til dømes la lagmannsretten i LE-1999-306 avgjerande vekt på at lovgjevar i førearbeida til dyrevernlova hadde vurdert at hald av pelsdyr skulle aksepterast.

²³ Ot.prp.nr.15 (2008 - 2009) s. 64.

²⁴ Rådsdirektiv 91/630/EØF om fastsetjing av minstestandardar for vern av svin blei endra to gongar i 2001 og blei endeleg kodifisert i rådsdirektiv 2008/120/EF. Svinehaldsforskrifta har blitt endra i takt med endringane i det opphavlege direktivet frå 1991.

at det enkelte medlemslandet kan stille strengare krav til dyrevelferda på nasjonalt grunnlag, samt gje utfyllande reglar.²⁵ EØS-avtalen er ein folkerettsleg avtale og ein føresetnad for å vurdere om dyrevelferdslova og svinehaldsforskrifta er i samsvar med rådsdirektiv 2008/120/EF, er at rådsdirektivet har blitt tolka i tråd med Wien-konvensjonen og homogenitetsprinsippet. Presumsjonsprinsippet viser til ei EØS-konform fortolking.²⁶

Etter forrangsforesegsna i EØS-lova § 2 første punktum skal føresegns i lov som tener til å innfri Noreg sine forpliktingar etter EØS-avtalen i tilfelle konflikt gå føre andre foreseigner som regulerer same forhold. Etter dyrevelferdslova gjeld dette for forskrifter heimla i lova ved at det i dvl. § 38 heiter at forskrifter som er oppretta for å innfri Noregs forpliktingar etter EØS-avtalen, skal gå føre foreseigner i dyrevelferdslova dersom det oppstår motstrid. Landbruks- og matdepartementet har delegert myndigheita si etter dvl. § 38 til Mattilsynet når det gjeld å endre tidsavgrensa forskrifter som implementerer rettsakter som blir tekne inn i EØS-avtalen gjennom forenkla prosedyre.²⁷

Rådsdirektiv 2008/120/EF vedlegg I kapittel I nr. 4 regulerer krav til rotmateriale, og kapittel II bokstav D nr. 1 til 3 regulerer tiltak for å hindre slagsmål. Europakommisjonen vedtok i 2016 ei oppmoding om bruken av dette rådsdirektivet når det gjaldt å avgrense behovet for halekupering ved å bruke rotmateriale.²⁸ I samband med denne oppmodinga følgde eit arbeidsdokument som omhandla praksis for å førebyggje rutinemessig halekupering og gje svin sysselsetjings- og rotmateriale. Arbeidsdokumentet inneheld forsking frå ekspertar i svinsektoren samt veterinaær- og dyrevelferdsorganisasjonar om forskjellige faktorar som bidreg til halebiting, og kva rotmateriale som best er eigna til produksjonsforholda.

Arbeidsdokumentet er ikkje bindande, men inneheld vitskapleg forsking som kan gje rettleiing ved tolking av føresegna om korleis forholda direktivet regulerer, på best måte kan utøvast.²⁹ Mattilsynet har i november 2017 utarbeidd ein rettleiar for tildeling av rotmateriale etter svinehaldsforskrifta § 21 som er basert på oppmodinga frå Europakommisjonen med tilhøyrande arbeidsdokument.³⁰

²⁵ Ot.prp.nr.15 (2008 - 2009) s. 15.

²⁶ Fredriksen (2014) s. 217 og 291.

²⁷ Forskrift av 20. oktober 2010 nr. 1356 om delegering av myndighet etter dyrevelferdsloven.

²⁸ Henst. 2016/336.

²⁹ Arb.dok fra Europa-kommisionens tjenestegrene (2016) s. 3. Fredriksen (2014) s. 230.

³⁰ Mattilsynet (2017). Rettleiarene blei publisert 10. november 2017.

1.4.4 Anbefalinga frå Europarådet om gris

Gjennom ratifisering av produksjonsdyrkonvensjonen³¹ er den tilhøyrande anbefalinga om gris bindande for Noreg. Førearbeida til dyrevelferdslova viser til at Europarådets konvensjonar og anbefalingar så langt som mogleg er innarbeidd i dyrevelferdslova, og at dei er førande for det norske regelverket.³² Krav til rotemateriale er regulert i anbefalinga frå Europarådet om gris artikkel 12 og 13. Vidare omtalar kapittel IV nr. 4 og nr. 5 tiltak for å hindre slagsmål ved blant anna å sikre tilstrekkeleg med rømmingsmoglegeheter og stabile grupper. Svinehaldsforskrifta inneheld tilsvarande føresegner ved at rådsdirektiv 2008/120/EF har teke denne reguleringa opp i seg. Dersom føresegner i svinehaldsforskrifta ikkje kan sameinast med anbefalinga om gris, tilseier presumsjonsprinsippet at anbefalinga om gris veg tyngre enn den norske reguleringa.³³ Som følgje av ein slik regelkonflikt vil føresegne svinehaldsforskrifta kunne bli endra i tråd med anbefalinga om gris.³⁴

1.4.5 Forvaltningspraksisen til Mattilsynet

Dyrevelferdslova utgjer ramma for reguleringa til Mattilsynet. Brukt på innandørs svinehald i næring føretak Mattilsynet inspeksjon hjå svineprodusentar, og kan fatte naudsynte enkeltvedtak for å oppnå etterleving av dyrevelferdslova, matlova og svinehaldsforskrifta, jf. dvl. § 30 første ledd, matl. § 23 første ledd og svinehaldsforskrifta § 29. Mattilsynet kan såleis utfordige vedtak etter deira skjøn for private- eller juridiske personar der det er avdekt brot på lov og forskriftsregelverket etter tilsyn. Domstolen kan likevel prøve om Mattilsynet har tolka til dømes dvl. § 23 i tråd med gjeldande rett eller om saksbehandlingsreglane er følgde.³⁵ Mattilsynet har ansvar for å innpasse rettsakter frå EU i det norske regelverket.³⁶ At den nærmare utøvinga av EØS-forpliktinga er under Mattilsynets frie skjøn, er ikkje i strid med EU-domstolens krav om tilstrekkeleg klår og presis gjennomføring av direktiva. Årsaka til dette er at rådsdirektivet er gjennomført ved transformasjon der regelverket i rådsdirektivet ikkje er utpensla i noka større grad enn det som går fram av svinehaldsforskrifta.³⁷

Mattilsynet har særleg kunne om kva åferdsbehov grisar har, og reguleringa av dette i svinehaldsforskrifta. Forvaltningspraksisen til Mattilsynet er såleis ei eigna kjelde for å undersøkje korleis lov- og haldsforskriftene blir forstått i praksis. Det er omdiskutert i juridisk teori om forvaltingspraksis har relevans som rettskjelde, eller om det berre kan nyttast som ein

³¹ Europeisk konvensjon om beskyttelse av dyr som holdes for landbruksformål (produksjonsdyr) ETS nr. 87

³² Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 15.

³³ Eckhoff (2001) s. 310.

³⁴ Stenevik (2011) s. 97.

³⁵ Eckhoff (2010) s. 544 og 545.

³⁶ Mattilsynet (2011).

³⁷ Fredriksen (2014) s. 281.

opplysingsfaktor.³⁸ Uavhengig av kva karakteristikk som blir nytta, har Høgsterett i fleire avgjersler vist til at forvaltningsavgjersler kan få vekt, i den utstrekning den gjev uttrykk for ein fast og konsistent praksis.³⁹ Mattilsynets handheving av føresegne i svinehaldsforskrifta vil såleis kunne vektleggjast avhengig av om det ligg føre ein fast og einsarta praksis.⁴⁰

1.5 Framstillinga vidare

For å finne fram til det materielle innhaldet i dvl. § 23 skal det i andre kapittel i oppgåva gjerast greie for rammeverket rundt tolkinga av åtferdsbehov og velferd etter dyrevelferdslova. Delkapitla tek føre seg eigenverdiomgrepet i lova og vektlegginga av kunnskap om dyrs evner og behov i førearbeida. I kapittel tre blir det materielle innhaldet i dvl. § 23 tolka og brukt på tilfellet innandørs svinehald i næring. For å kunne vurdere krava som blir stilt til dyrehaldar når det gjeld å leggje til rette utøving av åtferdsbehova til grisene, skal rammeverket knytt til tolkinga av åtferdsbehov og trivsel etter svinehaldsforskrifta trekkjast opp i kapittel fire.

Kapittel fem omhandlar krav til rotemateriale etter svinehaldsforskrifta. Delkapitla vil ta føre seg det materielle innhaldet i føresegne i svinehaldsforskrifta og innverknaden tilrettelegging av utøving av roteåtferda vil kunne ha på å hindre halebiting og slagsmål. Ved behandlinga av det materielle innhaldet i føresegna i svinehaldsforskrifta om rotemateriale blir det gjort ei samanlikning med rådsdirektiv 2008/120/EF med påfølgjande arbeidsdokument frå Europakommisjonen saman med rettleiaren til Mattilsynet tilsynspraksis. Ved behandlinga av det materielle innhaldet i føresegne i svinehaldsforskrifta som søker å hindre slagsmål mellom grisane, blir det gjort ei samanlikning med rådsdirektiv 2008/120/EF og reguleringsa i Europarådets anbefaling om svin.

For å kunne vurdere kva krav dvl. § 23 og svinehaldsforskrifta stiller til dyrehaldar når det gjeld å leggje til rette for utøving av åtferdsbehova til grisene i innandørs svinehald i næring, er det naudsynt å ha kunnskap om kva preferansar grisene har til levemiljøet. Før rammeverket rundt tolkinga av åtferdsbehov og god velferd etter dyrevelferdslova blir trekt opp skal difor åtferdsbehova til grisene og risikofaktorar knytte til halebiting og slagsmål først gjerast greie for. Ved gjennomgangen av risikofaktorar vil relevante føresegne i svinehaldsforskrifta bli presentert.

³⁸ Eckhoff (2001) s. 241. Boe (2012) s. 266 til 268.

³⁹ Sjå til dømes Rt. 2006 s. 1648 avsnitt 34 og Rt. 2008 s. 218 avsnitt 63.

⁴⁰ Eckhoff (2001) s. 233. Boe (2012) s. 275.

2 God velferd gjennom levemiljø

2.1 Åtferdsbehova til grisen og risikofaktorar

2.1.1 Etologi

Som nemnt under punkt 1.1 om temaet i oppgåva peikar førearbeida på at ein type velferdsproblem oppstår når eit dyr som er motivert til å utøve ei åtferd, ikkje kan utøve den på grunn av eit ueigna fysisk eller sosialt miljø.⁴¹ I dyrevelferdmeldinga viser Landbruksdepartementet til at fagfolk har fått meir kunnskap om naturlege åtferd og behov hjå dyr. Etologi har blitt eit anerkjent fag i naturvitenskapen og omfattar læra om dyreåtferd.⁴² Dyrevelferdmeldinga inneheld ei skildring av norsk svinehald samt tiltak for å få somatisk og psykisk friske dyr gjennom betring av miljøet.⁴³ Dyrevelferdmeldinga peikar på at det norske svinehaldet omfattar kjøtproduksjon, og at nesten all svineproduksjon skjer innandørs i klimastykte bygningar.⁴⁴

Som fagleg vurderingsgrunnlag for utforminga av dei materielle føresegne i lov om dyrevelferd henta Landbruksdepartementet inn utgreiingar frå blant anna Universitetet for miljø- og biovitenskap som omhandla miljøbehova til dyra.⁴⁵ Av denne utgreiinga går det fram at åtferdsbehov kan definerast som behovet for å utføre åtferder som er nødvendig for å oppretthalde normale fisiologiske og psykiske tilstandar.⁴⁶ Åtferdsbehov som er viktige for dyr å få dekt, er ifølgje utgreiinga evne og høve til å respondere på stimuli og utføre åtferder knytte til å konsumere mat og drikke.

Vidare går det fram av utgreiinga at viktige åtferdsbehov for dyr er å kunne utfolde og bevege seg, utforske miljøet og delta i frivillige sosiale interaksjonar. Høve til å ha individuell avstand frå andre individ og å kunne kvile seg blir også framheva i utgreiinga. Dersom eit dyr viser det fulle åtferdsrepertoaret til arten med normal hyppigheit og styrke, er dette ifølgje utgreiinga ein manifestasjon av god fysisk og psykisk helse.⁴⁷ Med omsyn til at alle desse åtferdsbehova er naudsynte for at grisen skal oppleve god velferd, vil dei bli skildra i det følgjande. Hovudfokuset vil likevel vere på den naturlege trøngen grisen har til å utforske

⁴¹ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 109, jf. NLH (2004) s. 26.

⁴² St.meld. nr. 12 (2002 - 2003) s. 9 og 12.

⁴³ St.meld. nr. 12 (2002 - 2003) s. 66 og 150.

⁴⁴ St.meld. nr. 12 (2002 - 2003) s. 66 og 67.

⁴⁵ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 13. NLH (2004)

⁴⁶ NLH (2004) s. 25.

⁴⁷ NLH (2004) s. 25.

miljøet ved roteåtferd, og risikofaktorar knytte til halebiting og slagsmål, som skal behandlast i kapittel fire og fem.

Dyrevelferdsmeldinga viser til at grisene er eit flokkdyr med innbyrdes rangorden. Vidare held dyrevelferdsmeldinga fram at griseflokkene under naturlege forhold utgjer ei mindre gruppe purker som er i slekt, og ungane deira. Rånar held seg i eigne grupper, medan eldre rånar held seg for seg sjølv. Ein gris vil normalt ha avstand frå andre grisar, men når dei kviler, ligg dei ofte tett saman. Vidare peikar dyrevelferdsmeldinga på at samanblanding av gris som ikkje kjenner kvarandre, fører til ustabile grupper. Dette kan føre til mobbing og slåsting mellom grisane. Tiltak for å redusere aggressjon er ifølgje dyrevelferdsmeldinga å ikkje skilje smågris frå dei vert tekne vekk frå purka og fram til dei skal slaktast når dei er rundt fem eller seks månadar gamle. For slaktegris vil færre grisar delta i slåstinga dersom det er fleire slaktegris i bingen enn om det er få individ. Dyrevelferdsmeldinga peikar også på at bruk av skiljeveggar eller skjul gjer det lettare for lavt rangerte svin å kome seg vekk frå angrep frå dominante svin.⁴⁸

Grisar er reinslege, aktive og nysgjerrige på omgivnadane. Dei brukar mesteparten av vaken tid til å rote med trynet etter mat, og har stort behov for sysselsetjing.⁴⁹ Manglande rotemateriale eller ytre stimuli i det fysiske miljøet kan difor ifølgje dyrevelferdsmeldinga føre til frustrasjon, mobbing og halebiting. I dyrevelferdsmeldinga blir det vist til at det ofte er gris med låg sosial status som byrjar å tyggje på bingekameratens hale.⁵⁰ I eit informasjonsskriv om halebiting skriv Helsetenesta for svin at den tradisjonelle forklaringa på korleis halebiting oppstår byggjer på at halebiting er eit resultat av at grisene ikkje får utløp for si naturlege åtferd med utforsking av omgjevnadar og søken etter mat. Når det ikkje finnast naturlege objekt å utforske styrast åferda mot det som måtte vere tilgjengeleg, altså halane til dei andre grisane i bingen.

Ifølgje Helsetenesta for svin kan denne åferda delast inn i tre grupper. Den første er ikkje assosiert med aggressjon ved at grisene utforskar ein annan gris sin hale med å ta den i munnen og tygge forsiktig. Seinare utviklar åferda seg til å bli skadande med sår, der blod utløyser ytterlegare biting. Halebiting kan også oppstå spontant utan uskadeleg manipulasjon av halen på førehand som i den første gruppa. Denne åferda knyter seg meir til ein kamp om ressursar ved til dømes mat eller liggjeplass, og assosierast ofte med aggressiv åtfert. Ei tredje åferdsgruppe er gris som ser ut til å bite ut frå at dette i seg sjølv gjev dyret ei tilfredsstilling.

⁴⁸ St.meld. nr. 12 (2002 - 2003) s. 66, 68, 70, 71 og 162.

⁴⁹ St. meld. nr. 12 (2002 - 2003) s. 66

⁵⁰ St.meld. nr. 12 (2002 - 2003) s. 71.

Desse grisane kan gjere mykje skade på andre grisar i løpet av kort tid.⁵¹ Grisane som utgjer den tredje åtferdsgruppa har ofte mindre storleik enn dei andre grisane i bingen, og har opplevd ein periode med nedsett tilvekst.⁵²

2.1.2 Risikofaktorar og samanlikning med føresegner i svinehaldsforskrifta

Risikofaktorar for halebiting kan ifølgje Helsetenesta for svin blant anna vere manglar ved miljøet, ressursmangel, klimatiske- og ernæringsmessige forhold og forstyrringar i rangorden. Dei viser til at ein moderne grisebinge ofte har eit stimulusfattig miljø og at det ikkje er mykje anna for grisene å finne på enn å ete og sove. Etinga av kraftføret er ofte gjort på få minutt. For å førebyggje halebiting viser Helsetenesta for svin difor til at dyrehaldar må sørge for at grisane har tilstrekkeleg med rotemateriale og godt grovfôr som dei kan sysselsetje seg med. Svinehaldsforskrifta § 21 stiller krav til tilstrekkeleg mengde rotemateriale, men har ikkje noko krav om grovfôr til smågris og slaktegris.

Helsetenesta for svin held vidare fram at halebiting ofte oppstår når dyretettleiken i bingen er høgst. Dette er mot slutten av smågrisperioden eller like før slakting. Ifølgje Helsetenesta for svin er det viktig at bingane ikkje er for fulle i desse periodane slik at grisane kan leggje seg ned, og at det er nok plass til at alle kan ete og drikke samtidig. Årsaka til dette er ifølgje Helsetenesta for svin at ressursmangel provoserer fram uro og aggressjon då grisane prøver å fordrive kvarandre for å få tilgang på ressursane.⁵³ Etter svinehaldsforskrifta § 26 andre ledd som gjeld for smågris og slaktegris skal det vere tilstrekkeleg liggeareal til at alle grisane i bingen kan ligge samtidig. Etter føresegna første ledd blir arealkravet for gris haldne i grupper målt etter levande vekt. Til dømes skal ein smågris som veg opp til ti kilo ha $0,15\text{ m}^2$, medan ein slaktegris over 110 kilo skal ha minst 1 m^2 . Det er også krav etter svinehaldsforskrifta § 22 første ledd sjette punktum at grisane skal kunne ete samtidig dersom dei ikkje har fri tilgang på fôr.

Klimatiske forhold som risikofaktor består ifølgje Helsetenesta for svin i at høge eller låge temperaturar aukar stressbelastinga på grisene og kan gje meir halebiting.⁵⁴ Svinehaldsforskrifta inneheld regulering om klima der det går fram at temperatur og luftkvaliteten i dyrerommet skal vere tilpassa grisene sitt behov, jf. svinehaldsforskrifta § 13 første ledd første punktum. Om ernæringsmessige forhold held Helsetenesta for svin fram at manglar i føret med til dømes for lågt energinivå kan ha samanheng med halebiting. Årsaka til

⁵¹ Sjå svinehaldsforskrifta § 8 femte ledd som pålegg dyrehaldar å ta ut gris som er særleg aggressive i midlertidige bingar.

⁵² Animalia Helsetjenesten for svin (2016) s. 1.

⁵³ Animalia Helsetjenesten for svin (2016) s. 2.

⁵⁴ Animalia Helsetjenesten for svin (2016) s. 2.

dette er ifølgje Helsetenesta for svin at grisen får auka sokjebehov etter mat og utforskande åferd.⁵⁵ Etter svinehaldsforskrifta § 22 skal føret vere sett saman på ein slik måte at det dekkjer grisane sitt behov. Vidare går det fram i føresegna første ledd tredje punktum at i tillegg til anna fôr skal purker, ungpurker og rånar ha tilgang på tilstrekkeleg mengde halm, høy eller anna fôr med høgt fiberinnhald som kan gje ei kjensle av mettheit og tilfredsstille behovet for tygging. Tilsvarande krav gjeld ikkje for smågris og slaktegris der risikoen for halebiting er størst.

Blanding av gris og forstyrningar av etablert rangorden utgjer ifølgje Helsetenesta for svin også risikofaktorar for halebiting. Helsetenesta for svin held fram at grupper med gris difor bør haldast mest mogleg stabile. Til dømes kan det skape uro dersom enkelte dominante gris blir fjerna frå gruppa ved plukkslakting. Etter svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd skal smågrisane etter avvenning plasserast og haldast i stabile grupper og flyttast på så lite som mogleg. Svinehaldsforskrifta opnar likevel opp for at gris kan blandast ved at blanding av gris frå ulike grupper skal unngåast så langt som mogleg etter andre punktum. Vidare held det fram i tredje punktum at dersom dyr som ikkje kjenner kvarandre skal blandast, skal dette normalt skje innan ei veke etter avvenning. Helsetenesta for svin held også fram at dersom røktaren gjer stellet av grisane på ein roleg og føreseieleg måte vil dette skape mindre stress for grisene og redusere risikoen for halebiting.⁵⁶ Innverknaden frå kompetansen hjå røktaren vert drøfta i punkt 2.3.2. og 4.1.2.

2.2 God velferd med ny kunnskap om evner og behov hjå dyra

2.2.1 Samspelet mellom god dyrevelferd, eigenverdi og levemiljø

Dyrevernlova frå 1974 fokuserte på at dyr skulle beskyttast mot mishandling, vanstell og liding. Førearbeida til dyrevelferdslova viser til at som følgje av auka kunnskap og endring i samfunnets haldningar, har det vore ei utvikling i retning av å leggje større vekt på velferda til dyra utover det å beskytte dei mot liding.⁵⁷ Føremålet med dyrevelferdslova er å fremje «god dyrevelferd», jf. dvl. § 1. Ei ordlydstolking av «god dyrevelferd» tilseier god livskvalitet for det einskilde dyret. Førearbeida legg til grunn at avgjersla om kva som er «god dyrevelferd», i størst mogleg grad skal byggje på eit vitskapleg grunnlag. Vidare peikar førearbeida på at fordi kva som ligg i omgrepet «god dyrevelferd», vil endre seg over tid i takt med ny kunnskap, er det vanskeleg å lovfeste ein presis definisjon av kva «god dyrevelferd» skal omfatte. Dei viser likevel til at ein definisjon av «god dyrevelferd» kan vere «individets

⁵⁵ Animalia Helsetjenesten for svin (2016) s. 2.

⁵⁶ Animalia Helsetjenesten for svin (2016) s. 2.

⁵⁷ Ot.prp.nr.15 (2008 - 2009) s. 12.

subjektive opplevelse av sin mentale og fysiske tilstand som følge av dets forsøk på å mestre sitt miljø».⁵⁸

Ut frå denne definisjonen kjem samanhengen mellom utøving av åtferdsbehov i levemiljøet og velferda til dyret fram. Omgrepene «god velferd» blir nytta i fleire av dei materielle føreseggnene i dyrevelferdslova, og føremålsføresegna blir nytta som eit sjølvstendig vilkår i tolkinga. Om god velferd etter dvl. § 23 går det fram av høyringsnotatet i førearbeida at velferda blant anna vil vere avhengig av i kva grad dyret har anledning til å reagere naturleg på stimuli, og om dei har moglegheit til å utøve sosial og utforskande åtferd.⁵⁹ Førearbeida legg til grunn at «forståelse for dyrs egenverdi samt individuelle og artstypiske behov er elementer som vil fremme lovens formål», og at desse omsyna skal varetakast gjennom dei materielle føreseggnene i lova.⁶⁰ Eitt av desse materielle føreseggnene er dvl. § 23 om levemiljøet til dyret. Kravet til eit levemiljø som gjev «god velferd» ut frå «artstypiske og individuelle behov» etter dvl. § 23 må difor sest i samanheng med omsynet til eigenverdien til dyret.

I dyrevelferdslova kapittel I om generelle føresegner heiter det i § 3 at dyr har «egenverdi» uavhengig av den «nytteverdien de måtte ha for mennesker». Ordlyden av «nytteverdi» tilseier dei goda menneska kan skaffe seg frå dyret. Til dømes vil ein fuglehund utøve eit gode ved å ta stand slik at jegeren får felle fugl eller småvilt. Eit gode kan også vere produkt frå husdyr, som til dømes mjølk, kjøt eller skinn frå ei ku. Uavhengig av denne nytteverdien har dyr etter dyrevelferdslova § 3 eigenverdi. Den naturlege språklege forståinga av «egenverdi» viser til at eit dyr er verdifullt i kraft av å vere det dyret det er. Etter førearbeida kan betydinga av eigenverdien til dyret sjåast i samanheng med at menneske har kontroll over heile livsløpet til dyret, der dyret er prisgjeve stellet og omsorga det blir gjeve.⁶¹ Førearbeida vektlegg at kravet til eigenverdi føresegna stiller ikkje skal tolkast for vidt, og at det ikkje gjev grunnlag for å vurdere nokon av forskriftene om hånd av dyr på nytt.⁶²

Vidare i dvl. § 3 andre punktum heiter det at dyr skal «behandles godt» og «beskyttes mot fare for unødige påkjenninger og belastninger». Den naturlege språklege forståinga av «behandles godt» viser til at dyret får omsorg i tråd med dei åtferdsmessige og fysiologiske behova til dyret. I førearbeida går det fram at dvl. § 3 er ei generell aktsemndnorm og er ei vidareføring av prinsippa i dyrevernlova § 2. Vidare heiter det i førearbeida at kva som ligg i

⁵⁸ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 19.

⁵⁹ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 63.

⁶⁰ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 19.

⁶¹ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 11 og 12.

⁶² Innst.O. nr. 56 (2008 – 2009) s. 29.

«god behandling» etter føresegna vil vere avhengig av ei konkret vurdering i det enkelte tilfellet, og at det skal takast omsyn til «dyrs fysiske og mentale behov ut frå deres egenart og dyrs evne til å ha positive og negative opplevelser».⁶³

Den naturlege språklege forståinga av «beskyttes mot fare for unødige påkjenninger [...]» viser til at den som er ansvarleg for dyret aktivt skal sikre at dyret ikkje vert utsett for vonde kjensler eller smerte. Førearbeida viser til at kva som er ei «påkjenning» i utgangspunktet er ei dyrevelferdsmessig vurdering og at vurderingane bør vere vitskapleg basert. Vidare held førarbeida fram at sidan ikkje alle forhold er målbare eller at ikkje all vitskapleg basert kunnskap er tilgjengeleg, vil det vere behov for å treffe skjønsmessige avgjersler.^{⁶⁴} Med omsyn til at dvl. § 3 andre punktum utgjer ei aktsemdnorm viser Stenevik og Mejdell til at dyrevelferdslova ikkje i seg sjølv inneholder dei normene som skal etterlevast, men «henviser til andre normer som ligg utenfor loven selv». Ifølgje forfattarane kan desse normene vere av både «dyrefaglig, etisk og følelsesmessig art, og av økonomisk og praktisk karakter». Dei peikar vidare på at i ein del tilfelle kan rettstilstanden vere klårgjort i andre føresegns i lova eller i forskrifter heimla i lova, og at dvl. § 3 kjem til bruk når andre føresegns i lova manglar regulering av eit konkret forhold.^{⁶⁵}

Dyrevelferdslova § 23 om levemiljøet til dyret utgjer såleis eitt føresegns i dyrevelferdslova som skildrar kva som omfattar å behandle dyr «godt» etter dvl. § 3 andre punktum. Brukt på innandørs svinehald i næring vil føresegna i svinehaldsforskrifta om krav til tilstrekkeleg mengde materiale som dei kan undersøkje og rote i, gje uttrykk for omsorg i tråd med dei åtferdsmessige og fysiologiske behova til grisene. Svinehaldsforskrifta § 21 gjev såleis rettleiing til kva som utgjer god behandling etter dvl. § 3 andre punktum. Vidare vil auka kunnskap om åtferdsbehova til dyr, og endra haldningsoppfatningar til dyr ifølgje førarbeida kunne påverke kva som inngår i omsynet til «god velferd» eller «god dyrevelferd» som det heiter i føremålsføresegna til dyrevelferdslova.^{⁶⁶}

Brukt på innandørs svinehald i næring vil dette samansette vurderingsgrunnlaget krevje fagkunnig kompetanse om grisens åtferdsbehov og ei måling av samfunnets haldning til kva som utgjer nivået for «god velferd» etter dvl. § 23. Førarbeida legg til grunn at dvl. § 23 ikkje forbyr hald av dyr som var tillate då dyrevelferdslova tredde i kraft. Ei eventuell endring i reguleringa til svinehaldsforskrifta på bakgrunn av vurderingar av krava føremålsføresegna i

^{⁶³} Ot.prp.nr.15 (2008 - 2009) s. 94.

^{⁶⁴} Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 94.

^{⁶⁵} Stenevik (2011) s. 35 og 36.

^{⁶⁶} Ot.prp.nr.15 (2008 - 2009) s. 12 og 108.

dyrevelferdslova og dvl. §§ 3 og 23 stiller til dyrehaldar, vil difor måtte bli gjort i svinehaldsforskrifta av styresmaktene.

2.3 Andre føresegner i dyrevelferdslova som gjeld levemiljø

2.3.1 Tilpassing til haldet, stell og driftsform

Ein føresetnad for at gris kan bli brukt i kjøtproduksjon er at dei kan «tilpasse seg holdet» på ein «dyrevelferdmessig forsvarlig måte», jf. dvl. § 22 første ledd. Ordlyden av «tilpasse seg holdet» peikar på at dyrets fysiologiske eigenskapar taklar bruksområdet eller driftsforma. Den naturlege språklege forståinga av «dyrevelferdmessig forsvarlig måte» er at dyret kan tilpasse seg dei psykiske og fysiske påkjenningane haldet medfører. Det er forbode å halde dyr for produksjonsføremål med mindre dette kan skje utan skadeverknader på dyrets fysiske eller psykiske helse eller velferd, jf. forskrift om velferd for produksjonsdyr § 3.⁶⁷ Svin eller gris av familien suidae⁶⁸ er eit husdyr som kan brukast i kjøtproduksjon på bakgrunn av at dei gjennom ein domestiseringsprosess har tilpassa seg haldet. Ein føresetnad er likevel blant anna at dyrehaldar kan sikre at grisen blir halden i eit fysisk og sosialt miljø som gjev god velferd og legg til rette for at grisen får utøvd sine åtferdsbehov, jf. dvl. § 23.⁶⁹

Dyrehaldars plikt til å sikre at dyr får godt tilsyn og stell etter dvl. § 24 omfattar også levemiljøet ved at føresegna regulerer vatn- og forkvalitet samt vern mot skade, sjukdom og farar. Rettspraksis viser til at dei fleste vanstellsakene etter dvl. § 24 omfattar alvorleg tilsidesetjing av dei grunnleggjande behova til dyra og manglar i miljøet.⁷⁰ Til dømes blei ein mann som heldt sau, lam og oksar, i Gulating lagmannsrett dømd etter dvl. §§ 23 og 24 for å ha vanstelt dyra over ein lengre periode. Lagmannsretten sa ikkje noko eksplisitt om tolkinga av dvl. § 23 om krav til levemiljø, men la vekt på at dyrehaldaren fullstendig hadde tilsidesett dei grunnleggjande behova til dyra.⁷¹

Samankoplinga mellom dvl. §§ 23 og 24 kan også visast gjennom Brambell-kommisjonens fem fridommar. Kriteria vart utarbeidd for produksjonsdyr i landbruket og omhandlar fridom frå svolt, tørste og feilernæring, fridom frå unormal kulde eller varme, fridom frå frykt og stress, fridom frå skade og sjukdom og til slutt fridom til å utøve normal åtferd. Saman med andre føresegner i dyrevelferdslova tek dvl. § 24 opp i seg dei fire første kriteria, medan dvl.

⁶⁷ Jf. rdir. 98/58/EF art. 4.

⁶⁸ Svinehaldsforskrifta § 3 a).

⁶⁹ Det ligg også føre individuelle behov som til dømes grisens alder, kjønn, helse og temperament.

⁷⁰ Stenevik (2011) s. 247.

⁷¹ LG-2014-180426-2.

§ 23 tek føre seg det siste gjennom regulering av eit miljø dyret kan tilpasse seg og trivast i. I kommentarutgåva til dyrevelferdslova peikar Stenevik og Mejell likevel på at bruken av desse kriteria ikkje nødvendigvis vil leie til ei riktig forståing av lova i alle samanhengar. Årsaka til dette er at dyrevelferdslova kan gje dyr svakare beskyttelse på bakgrunn av økonomiske eller praktiske omsyn. Dyrevelferdslova kan også gje eit styrkt krav ved til dømes at lovføresegna om føring er strengare enn kriteriet om å unngå langvarig svolt eller tørste, jf. dvl. § 24 første ledd bokstav a.⁷²

Kva levemiljøet har å seie for god velferd hjå dyreartar og det einskilde dyret etter dvl. § 23, fell også under dvl. § 8, som gjeld «driftsformer, metoder, utstyr og tekniske løsninger» som blir brukt til dyr. Også dvl. § 8 skal «ivareta hensynet til dyrenes velferd», og dvl. § 23 vil vere bestemmande for kva krav levemiljøet stiller til driftsformer, metodar, utstyr og tekniske løysingar som blir brukte til dyr. Ordlyden av «driftsformer» tilseier ulike måtar dyr kan bli haldne på som til dømes rev som blir haldne i bur eller heilårs utedrift for gris. Brukt på innandørs svinehald i næring vil omgrepene «metoder» vise til hjelpemiddel eller handtering ved til dømes sortering av grisane i ulike grupper og bingar. Vekselverknaden mellom føresegne viser seg ved at driftsforma og tekniske løysingar vil ha innverknad på i kva grad grisene får utøvd åferdsbehova sine. Dvl. § 8 om krav til driftsformer blir nærmare omtala i kapittel fem om utøving av åferdsbehova til grisene og reaksjonar på bingemiljøet etter svinehaldsforskrifta.

2.3.2 Kompetanse hjå dyrehaldar etter dyrevelferdslova

Krav til dyrehaldar om å leggje til rette for at grisene får utøvd åferdsbehova sine etter dvl. § 23, må også sjåast i samanheng med dvl. § 6, som stiller krav til dyrehaldar om tilstrekkeleg kunnskap om dyret som blir halde.⁷³ Det går fram av førearbeida at dyrevelferdslova byggjer på den etiske plattforma som går fram av dyrevelferdmeldinga. Frå den etiske plattforma i dyrevelferdmeldinga heiter det blant anna at dyr skal haldast i eit miljø som gjev god livskvalitet, og at personar som har dyr i si varetektskap skal ha kunnskap om åferdsbehova til dyret og krav dyret har til ernæring, sosialt- og fysisk miljø.⁷⁴ Førearbeida peikar på at kompetente dyreeigarar kanskje er det viktigaste verkemiddelet for å førebyggje velferdsproblem og oppnå god dyrevelferd.⁷⁵

⁷² Stenevik (2011) s. 16.

⁷³ Sml. svinehaldsforskrifta § 5 første punktum om krav til dyrehaldars kompetanse om grisars åferdsmessige og fysiologiske behov.

⁷⁴ St.meld.nr.12 (2002 - 2003) s. 11. [frå no dyrevelferdmeldinga]

⁷⁵ Ot.prp.nr.15 (2008 - 2009) s. 34.

Svineproduksjon er underlagd husdyrkonsesjonsordninga etter forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen § 1 nr. 4, jf. svine- og fjørfeproduksjonslova § 2. Med omsyn til at svinehald er knytt til matproduksjon og krev løyve frå styresmaktene, vil kompetanse om dei åtferdsmessige og fysiologiske behova til grisens inngå i drifta og ha betydning for folkehelsa. Viktigheita av at svineprodusentar og svinerøktarar har kompetanse om åtferdsbehova til grisens kan også visast ved fråsegnna i førearbeida om at når menneske held dyr, inneber dette eit fridomstap for dyret som set avgrensingar i forhold til dyrets normale åtferd i naturen.⁷⁶ At dei som er eig eller har ansvar for grisane, har kunnskap om dyret dei driv produksjon på, er såleis ein føresetnad for at grisane skal ha god helse og trivsel, jf. dvl. § 23 og svinehaldsforskrifta § 1.

3 Utøving av åtferdsbehova til grisens i innandørs svinehald etter dyrevelferdslova § 23

3.1 Det materielle innhaldet i dyrevelferdslova § 23

3.1.1 Innleiing

Dette kapittelet vil ta føre seg krav til svineprodusenten eller andre med ansvar for grisens når det kjem til å leggje til rette for utøving av grisens sine åtferdsbehov i innandørs svinehald i næring etter dvl. § 23. Før vilkåra i føresegna skal tolkast skal den lovtekniske utforminga av føresegna omtalast. Det heiter i dvl. § 23 første ledd første punktum at dyrehaldar skal «sikre» at dyr haldast i eit miljø som gjev god velferd. Ordlyden «sikre» tilseier eit krav om at dyrehaldar har naudsynt kunnskap om dyrets artstypiske og individuelle behov. Førearbeida peikar på at føresegna pålegg dyrehaldar ei aktivitetsplikt.⁷⁷ Plikta til dyrehaldaren om å sikre levemiljøet til dyra må som nemnt i kapittel 2.3.2 sjåast i samanheng med kompetansekravet etter dvl. § 6 første ledd.

Vidare heiter det at dyrehaldar skal «gi mulighet» for stimulerande aktivitetar, bevegelse, kvile og annan naturleg åtferd. Ordlyden av «gi mulighet» tilseier at dyrehaldar skal leggje til rette for at desse åtferdsbehova kan utøvast, og at det er opp til dyret sjølv om det vil nytte seg av det eller ikkje. Samansetnaden av omgrepa i føresegna viser til at «stimulerende aktivitetar», «bevegelse», «hvile», og «annen naturlig atferd» er ulike åtferdsbehov som levemiljøet skal sikre, og som utgjer ein føresetnad for god velferd for dyret.

⁷⁶ Ot.prp. nr.15 (2008 - 2009) s. 12.

⁷⁷ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 108.

3.1.2 Kven krava og plikta gjeld for

Dyrevelferdslova § 23 om krav til levemiljø gjeld for alle «dyr» som «holdes». Den naturlege språklege forståinga av «dyr» viser til at føresegna kjem til bruk på artar og individ som utgjer levande organismar. Etter ordlyden ligg det såleis ikkje føre noko avgrensing i forhold til lovas verkeområde etter dvl. § 2. Førrearbeida nemner husdyr, forsøksdyr, dyr på slakteri, tamrein, akvakulturdyr, villfisk i steng og familie- og hobbydyr som døme på kva dvl. § 23 omfattar.⁷⁸ For at dvl. § 23 skal kome til bruk må dyret «holdes». Ordlyden tilseier at dyret er under eit menneske si varetekts- og ansvar.⁷⁹ Etter ordlyden vil føresegna ikkje gjelde for viltlevande dyr, men omfatte dyr i næringsverksemder, konkurranse- eller hobbydyr då desse er under ein persons varetekts- og ansvar. Dyrevelferdslova § 23 kjem til bruk på innandørs svinehald i næring der gris blir haldne i bruksbesetningar til kjøtproduksjon.

Ansvarssubjektet etter dvl. § 23 er «[d]yreholder». Den naturlege språklege forståinga tilseier at dette gjeld ein person eller personar som har ansvaret for dyr dei har i si varetekts- og ansvar. Førrearbeida viser til at dyrehaldaren både kan vere eigaren av dyra, eller ein annan person som har ansvaret for dyra, permanent eller midlertidig.⁸⁰ Ein svineprodusent som eig grisane fell såleis inn under ordlyden. Dyrehaldaromgrepet omfattar også den som har ansvaret for dyr når eigar ikkje kan vareta eigaransvaret.⁸¹ Ein røktar som oppheld seg i bruksbesetninga vil reknast som dyrehaldar sjølv om vedkomande ikkje er eigaren av grisane. Dyrehaldaromgrepet knyter seg i dette tilfellet til ansvaret røktaren har til grisane ved at vedkomande jobbar i bruksbesetninga. Juridiske personar kan også vere ansvarssubjekt etter dyrevelferdslova, jf. Rt. 2009 s. 1595 og HR-2016-2507-A, som gjaldt høvevis eit slakteri og eit fiskeoppdrettsselskap. Som eigar av gris i svinehald i næring har svineprodusenten ansvaret for grisane i si bruksbesetning. Svineprodusentar fell såleis under dyrehaldaromgrepet i dvl. § 23. Om anna personell som handterer grisane i same bruksbesetning blir omfatta av omgrepet i føresegna vil vere avhengig av ansvaret og påverknaden vedkomande har ovanfor grisane.

I Rt. 2007 s. 496 vurderte Högsterett medverknad og kven som i dyrevernlovas forstand kunne seiast å eige dyr, eller ha dyr i si varetekts- og ansvar. Saka gjaldt ein mindreårig son som dreiv slaktegrisproduksjon på faren sin gard. I vurderinga la Högsterett vekt på at det var sonen som dreiv verksemder og tok seg av grisane. Sonen var straffedømd etter brot på dyrevernlova § 4

⁷⁸ Ot.prp.nr.15 (2008 - 2009) s. 108.

⁷⁹ Sml. dyrevernlova § 4 om teneleg tilhaldsrom som er vidareført i dvl. § 23 der det gjekk fram at føresegna kom til bruk på den som eig eller «har i si varetekts- og ansvar» blant anna husdyr eller dyr som er «haldne i fangenskap» på annan måte.

⁸⁰ Ot.prp.nr.15 (2008 - 2009) s. 64.

⁸¹ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 96.

ved å ikkje ha sikra grisane tenleg opphaldsrom, og etter dyrevernlova § 5 a for ikkje å hatt forsvarleg tilsyn og stell med grisane.⁸² Høgsterett kom til at det ikkje låg føre medverknad frå faren. Sjølv om faren let sonen bruke driftsbygget var han ikkje eigar av grisane, og han vart heller ikkje rekna for å ha dei i si varetekta.⁸³ Vedtakinga av dyrevelferdslova i 2009 førte ikkje til noko innhaldsendringar i kven som er ansvarssubjekt etter lova. Dommen har såleis overføringsverdi til vurderinga av dyrehaldaromgrepet etter dvl. § 23. I kommentarutgåva til dyrevelferdslova peikar Stenevik og Mejdell på at faren etter dyrevelferdslova kunne blitt halden ansvarleg for medverknad til vanstell, jf. dvl. § 37 andre ledd.⁸⁴

3.1.3 Å sikre «artstypiske og individuelle behov» i innandørs svinehald

Dyret skal haldast i miljø som gjev god velferd ut frå «artstypiske og individuelle behov», jf. dvl. § 23 første ledd første punktum. Sett i samanheng med lovføresegnas krav om god velferd tilseier ordlyden «artstypiske [...] behov» at kva type dyr det gjeld vil vere bestemmande for kva som krevjast av miljøet for at dyret skal oppleve trivsel. Den naturlege språklege forståinga av omgrepet «individuelle behov» viser til at det innan same art ligg føre skilnader frå eitt individ til eit anna når det kjem til korleis individet responderer på miljøet. Til dømes vil ein slaktegris på seks månadar ha eit sterkare behov for sysselsetjing enn ein nyfødd smågris.

Førearbeida peikar på at miljøet skal vere tilpassa arten sitt behov, og held vidare fram at flokkdyr ofte har behov for stabile grupper der dyra kjenner kvarandre og har etablert interne ordningar. Likevel vil det ifølgje førearbeida vere nødvendig å halde dyr åtskilt frå flokken for å hindre at dei gjer skade på kvarandre.⁸⁵ Som tidlegare nemnt er dette aktuelt for gris ved at aggressive dyr som kan skade andre grisar og skal difor takast ut og oppstallast midlertidig i individuelle bingar, jf. svinehaldsforskrifta § 8 femte ledd.

Individuelle behov kan kome frå erfaring og læring hjå det einskilde dyret.⁸⁶ Om dette uttalar førearbeida at å overføre dyr frå eit rikt miljø til eit fattigare miljø kan føre til därleg velferd og bør bli unngått.⁸⁷ Eit tenkt døme er dersom ein gris som har vore vand med å leve ute ved heilårs utedrift etter svinehaldsforskrifta § 24, blir flytta innandørs og plassert i binga saman med andre gris der rangforhold og floksamansetninga er annleis. Dei tidegare erfaringane

⁸² Sml. dvl. §§ 23 og 24.

⁸³ Rt. 2007 s. 496 avsnitt 22.

⁸⁴ Stenevik (2011) s. 268.

⁸⁵ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 108.

⁸⁶ Stenevik (2011) s. 255.

⁸⁷ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 109.

denne grisens har frå utegangen med til dømes å pløye opp jord og bevege seg over større avstandar vil såleis kunne føre til dårligare velferd for grisens.

Dyrevelferdsmeldinga peika på at gardar med svinehald i Noreg har gått ned til fordel for meir intensiv produksjon av svin i større bruksbesetningar.⁸⁸ Det betyr at det er fleire gris å passe på per røktar. Førrearbeida held fram at det i besetningar med mange dyr alltid vil vere individ som fell utanfor eller er sjuke. Ifølgje førrearbeida bør slike individ så langt som mogleg takast ut og avlivast i den daglege røktinga.⁸⁹ Å oppdage enkeltgris som er sjuke i ei stor besetning stiller særlege krav til kunnskap hjå svinerøktaren om dei fysiologiske behova til grisens. Vidare vil det krevje tilstrekkeleg merksemd frå svinerøktaren å oppdage åferdmessige endringar hjå gris i bingar for å avdekke komande utbrot av halebiting eller slagsmål. Ansvar over eit stort tal med grisar gjer det såleis vanskeleg for svinerøktaren å vareta velferda til grisane ut frå deira «individuelle behov» slik dvl. § 23 krev.

3.1.4 Eit «miljø» som gjev god velferd i innandørs svinehald

Hovudkravet etter dvl. § 23 er at miljøet dyret oppheld seg i skal gje god velferd ut frå artstypiske og individuelle behov. Den naturlege språklege forståinga av omgrepene «miljø» er omgivnadane kring eit individ. Ordlyden er vid ved at den kan gjelde både ytre fysiske og sosiale faktorar. Eit miljø som er eigna til å vareta den enkelte arts åferdsbehov vil fremje føremålet med lova om å sikre god velferd, jf. dvl. § 1. Faktorar som ifølgje førrearbeida kan spele inn på velferda er blant anna luftkvalitet, værforhold, lysforhold, solitært og sosialt miljø, tilgang på skjul og tilstrekkeleg fråvær av ubehagelege sanseintrykk. Vidare går det fram av førrearbeida at «miljø» omfattar blant anna klimatiske forhold ute og innandørs, og dei held fram at dvl. § 23 stiller krav om at dyrets grunnleggjande miljøbehov skal vere innfridd.⁹⁰

Ifølgje førrearbeida er levemiljøet ein sentral påverknadsfaktor på dyrevelferda, og brukt på innandørs svinehald er vurderinga etter dvl. § 23 korleis kvar individuell gris taklar miljøet den lev i.⁹¹ Det er svineprodusenten eller andre med ansvar for grisane som kan leggje til rette drifta i svinehaldet på ein slik måte at åferdsbehova til grisens blir varetekne. Miljøet i bruksbesetningar som grisens lever i, kan bestå av ulike faktorar.⁹² Den første faktoren er det fysiske miljøet som til dømes at grisens skal ha tilgang til ein tørr og trekkfri liggende plass, jf.

⁸⁸ St.meld. nr. 12 (2002 - 2003) s. 66 og 67.

⁸⁹ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 108 og 109.

⁹⁰ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 108.

⁹¹ Ot.prp. nr.15 (2008 - 2009) s. 63.

⁹² Foreningen Norske Etologer (2017).

svinehaldsforskrifta § 8 første ledd første punktum. Forholdet grisens har til andre gris, temperament eller rang utgjer den sosiale faktoren. Til dømes skal smågrisane vere saman med purka i minst 28 dagar før dei vert flytta, jf. svinehaldsforskrifta § 9 første ledd. Og dersom grisar blir haldne i grupper, skal det takast forholdsreglar for å hindre slagsmål som går ut over normal åtferd, jf. svinehaldsforskrifta § 8 fjerde ledd.

Ein tredje miljøfaktor er inne- og uteklima. Som døme på denne miljøfaktoren kan visast til at grisens manglar slettekjertlar og vert overoppheita om temperaturen overstig 25 grader.⁹³ Vidare er tilstrekkeleg utskifting av luft naudsynt for å hindre luftvegslidingar hjå grisens følgje av for høg støvkonsentrasjon i bruksbesetninga. Temperaturen og luftkvaliteten skal difor vere tilpassa behova til grisens, jf. svinehaldsforskrifta § 13 første ledd første punktum. Den siste faktoren er å gjere miljøet rikare gjennom stimuli som engasjerer og aktiviserer dyret. Til dømes skal, som fleire gongar nemnt, grisens til kvar tid ha tilgang på rottemateriale som dei kan undersøkje, rote i og sysselsetje seg med, jf. svinehaldsforskrifta § 21.

Desse fire miljøfaktorane har innverknad på om grisens opplever god velferd i bruksbesetninga. Ved gjennomgangen av åtferdsbehova grisens har til å rote og forholdet til andre gris etter svinehaldsforskrifta i kapittel fem, vil hovudfokuset vere på føresegnene som regulerer samspelet mellom det sosiale miljøet og å gjere miljøet rikare. Ved at dyrehaldar tilfører rottemateriale som gjev stimuli vert grisens engasjert og aktivisert. Utfordringar i det sosiale miljøet som forholdet grisens har til andre gris, temperament og rang kan såleis avhjelpast gjennom å gjere miljøet rikare med tildeling av aktivitets- og rottemateriale. Ein føresetnad er likevel at rottemateriale består av materiale som gjev stimuli og at driftsmåten og inneklimaet er lagt til rette for å imøtegå dei åtferdsmessige og fysiologiske behova til grisens.

Dyrs levemiljø etter dvl. § 23 første ledd siste punktum skal fremje god helse og bidra til tryggleik og trivsel. Vidare etter andre ledd skal dyr ha tilgang til eigna og trygt tilhaldsrom. God velferd knyter seg til behova eit dyr har til helse, tryggleik, trivsel og eit trygt tilhaldsrom og vil inngå i den totale avveginga av kravet til levemiljøet. Kravet til eit trygt tilhaldsrom gjer seg spesielt gjeldande for slaktegris ved at dersom dei vert blanda skal dei ha tilstrekkeleg moglegheit til å rømme frå andre dyr, jf. svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd. Som nemnt ved presentasjonen av problemstillinga i punkt 1.2 avgrensast det mot dvl. § 23 første ledd siste punktum og andre ledd då hovudfokuset i oppgåva er i kva grad dyrehaldar skal leggje til rette for det naturlege behovet grisens har til å utforske miljøet ved roteåtferd for å hindre halebiting og slagsmål.

⁹³ Stenevik (2011) s. 248.

3.1.5 Leggje til rette for «stimulerende aktiviteter» og «bevegelse»

Dyrehaldar skal sikre at dyr haldast i miljø som gjev god velferd, og under dette leggje til rette for «stimulerende aktiviteter», jf. dvl. § 23 første ledd første punktum. Den naturlege språklege forståinga av «stimulerende aktiviteter» er at det vert tilført noko i miljøet til dyret som kan auke det fysiske og psykiske velveret gjennom utøving av åtferdsbehova til dyret. I førearbeida heiter det at det er viktig å tilby dyra eit miljø som gjev rom for stimulerande aktivitet og utøving av naturleg åtferd. Som tidlegare nemnt heng dette saman med at det kan føre til därleg velferd og frustrasjon for dyret dersom dyrehaldar ikkje legg til rette for aktivitetar som stimulerer dyret ved at den ikkje får utøvd åtferder den er motivert til.⁹⁴ Rotemateriale til gris gjev dei både fysisk og mental aktivitet, og dekkjer såleis åtferdsbehova til å respondere på stimuli, utføre åtferder knytt til å konsumere mat, utforske miljøet og utfolde seg. Krav til rotemateriale etter svinehaldsforskrifta § 21 kan gje rettleiing til innhaldet i «stimulerende aktiviteter», og vil bli gjort greie for i kapittel fem.

Vidare skal dyrehaldar gje moglegheit for «bevegelse» i dyrets levemiljø, jf. dvl. § 23 første ledd første punktum. Sett i samanheng med lovføresegna tilseier ordlyden av «bevegelse» at miljøet gjev nok plass for dyret til å utøve dei åtferdsmessige og fysiologiske behova for den spesifikke arten. Kravet til miljø som gjev rom for «bevegelse» blir også dekt av «annen naturlig adferd» ved at utøving av åtferdsbehova som gjeld for arten gjev god velferd. Moglegheit til bevegelse kan sjåast på individuelt ved dei fysiologiske fordelane for det enskilde dyret å mosjonere.

Utøving av bevegelse og naturleg åtferd kan ifølgje førearbeida tolkast å tilfredstille sosial kontakt med andre dyr, eller at driftsbygget er utforma på ein slik måte at dyr med låg status har moglegheit til å kunne trekkje seg vekk frå aggressive artsfrendar.⁹⁵ Moglegheit til å trekkje seg vekk frå aggressive artsfrendar er særleg aktuelt i innandørs svinehald då samanblanding av gris eller konkurranse om mat kan føre til jaging og biteskadar. Utforminga av bruksbesetninga kan også ha innverknad på det sosiale samspelet mellom grisane der tilgang på skjul eller eit større tal på gris kan bidra til at utsette grisar kjem seg vekk frå aggressive gris. Dette blir nærmere omtala i punkt 5.2 i oppgåva.

Forfattarane av kommentarutgåva, Stenevik og Mejell, legg til grunn at det neppe er grunn til å tolke «bevegelse» snevert då dyrevelferdslova krev at miljøet skal gje moglegheit for

⁹⁴ Ot.prp.nr.15 (2008 - 2009) s. 108.

⁹⁵ Ot.prp.nr. 15 (2008 - 2009) s. 108.

«naturleg adferd».⁹⁶ Dette heng saman med føremålet til dyrevelferdslova der utøving av åtferdsbehov kan realiserast gjennom miljøet for å oppnå «god dyrevelferd» i form av fysisk og psykisk velvære, jf. dvl. §§ 1 og 23 første ledd, første punktum. Vidare viser Stenevik og Mejdell til at stimulerande aktivitetar kan vere moglegheita dyret har til å kome seg ut i naturen og få frisk luft og dagslys. Dei peikar på at dette kan vere av stor betydning for trivselen og sunnheita til dyret.⁹⁷

Forskrift om hold av storfe inneholder eit føresegn som avgrensar tilgangen til å halde kyr permanent innandørs.⁹⁸ Gris kan bli heldt permanent innandørs då svinehaldsforskrifta ikkje inneholder noko føresegn som avgrensar denne tilgangen. I § 10 andre ledd i forskrift om hald av storfe heiter det at storfe skal sikrast moglegheit for «fri bevegelse og mosjon på beite i minimum 8 uker i løpet av sommarhalvåret». Etter same føresegns tredje ledd skal storfe som er oppstalla i båsfjøs, sikrast moglegheit for «fri bevegelse og mosjon på beite i minimum 16 uker i løpet av sommarhalvåret».

Som nemnt i punkt 3.1.3 går det fram av førearbeida at å overføre dyr frå eit rikt miljø til eit fattigare miljø kan føre til dårlig velferd og bør bli unngått. Den helsemessige og psykiske gevinsten av å vere ute i naturleg vegetasjon der åtferdsbehova kan utøvast talar for at kyr skal gå ute å beite på sommarhalvåret. På den andre sida talar det mot at kyr skal gå ute at det vil gje dårlig velferd når dei vert tekne inn igjen i eit fattigare miljø når dei otte eller 16 vekene er omme.

Både kyr og gris er produksjonsdyr med nytteverdi for menneske i form av produkt som mat og kler. Ei omlegging av driftsform til utegang på mark for gris vil føre til økonomiske utgifter for svineprodusenten. I motsetning til kyr som får tilstrekkeleg næring på beite ved å ete gras vil grisen trenge ekstra følingsplassar for å dekkje næringsbehovet. I tillegg vil det innebere ei økonomisk utgift at svinehaldsforskrifta § 23 første ledd krev at gris som blir haldne ute skal ha tilgang på tørr liggeplass med minimum tre tette veggar og tak. På den andre sida er bevegelse og mosjon like viktige åtferdsbehov for både storfe og gris. Likskapsprinsippet om at like tilfelle bør behandlast likt, og konsekvens i forskritsregelverket talar difor for at minimumskravet om fri bevegelse og mosjon utandørs også skal gjelde for gris.

⁹⁶ Stenevik (2011) s. 257.

⁹⁷ Stenevik (2011) s. 256.

⁹⁸ Forskrift 22. april 2004 nr. 665 om hold av storfe.

4 God velferd gjennom levemiljø etter svinehaldsforskrifta

4.1 Svinehaldsforskrifta som reiskap til å innfri kravet om god velferd

4.1.1 Varetaking av trivsel og omsynet til naturlege behov hjå grisen

Svinehaldsforskrifta gjeld for hald av svin som skal brukast til «avl, slakt eller annen næringsvirksomhet», jf. svinehaldsforskrifta § 2. Føremålsføresegna til svinehaldsforskrifta viser til at forholda skal leggjast til rette for «god helse og trivsel», og sikre at det takast omsyn til «naturlige behov» hjå grisen. Bruken av omgrepene «trivsel» i føremålsføresegna til svinehaldsforskrifta peikar tilbake på føremålsføresegna i dyrevelferdslova ved at førearbeida til lova viser til at omgrepene «dyrevelferd» har det same innhaldet som omgrepene «trivsel». ⁹⁹

Vidare er føremålsføresegna i svinehaldsforskrifta bygd opp med same struktur som dvl. § 23 ved at «god velferd» eller «trivsel» vert knytt opp mot utøving av «naturlig adferd» eller «naturlige behov». Dei andre føresegnene i svinehaldsforskrifta som regulerer dei åfferdsmessige eller fysiologiske behova til grisens slik det går fram av svinehaldsforskrifta § 4, byggjer såleis på føresetnaden om at god velferd sikrast ved varetaking av desse behova. Føresegnene i svinehaldsforskrifta kan på denne måten tene som reiskap for å innfri føremålet til dyrevelferdslova om «god dyrevelferd».

Koplinga mellom svinehaldsforskrifta § 21 og dvl. § 23, visast ved at det vil gje grisens ei opplevelse av god velferd dersom det blir lagt til rette for utøving av det naturlege behovet grisens har til å utforske omgjevnadane og søkje etter mat. Kravet til rotemateriale etter svinehaldsforskrifta kan også bidra til å innfri føremålsføresegna og dvl. § 23 om god velferd ved at tilføring av stimuli i levemiljøet kan redusere risikoen for stress og liding hjå grisens ved utbrot av halebiting. Vidare visast koplinga mellom svinehaldsforskrifta §§ 8 fjerde og femte ledd og 26 tredje ledd mot dvl. § 23, ved at det vil betre velferda til grisens å tilpasse levemiljøet i bruksbesetninga slik at metodar for å flytte gris etter avvenning, og sjølve bingutforminga imøtekjem rangforholda til smågris og slaktegris saman med reaksjonane desse grisane har på å leve i eit stimulusfattig bingemiljø.

4.1.2 Kompetanse hjå dyrehaldar etter svinehaldsforskrifta

Ansvaret for å sikre grisens god velferd ligg hjå dyrehaldar, jf. dvl. §§ 23 første ledd, 24 første ledd og 6 første ledd. I tråd med dvl. § 6 om kompetanse og ansvar inneholder

⁹⁹ Ot.prp. nr. 15 (2008 - 2009) s. 93.

svinehaldsforskrifta eit kompetanseføresegn der det i § 5 heiter at dyreeigar og andre med ansvar for svin skal kunne dokumentere nødvendig kunnskap om dei «adferdsmessige og fysiologiske behov[a]» til grisene. Kompetansekravet knyter seg til at dyrehaldar har tilstrekkeleg kunnskap til å kunne ivareta god helse og trivsel for grisene. Helsetenesta for svin viser til at dyrehaldars handtering av grisane spelar inn på stressnivået til grisane.¹⁰⁰ Ved at stellet vert gjort på ein roleg og føreseieleg måte kan dyrehaldars kunnskap redusere risikoen for halebiting og slagsmål.

I den daglege drifta i bruksbesetninga vil eit slikt kompetansekrav gå ut på at svineprodusenten eller røktaren har praktisk evne til å sikre grisane god velferd ved at vedkomande har evne til å sjå behova til grisene og handle ut i frå signal eller ytre kjenneteikn grisene viser. Etter svinehaldsforskrifta § 5 andre punktum går det fram at dyreeigar har ansvar for at personell som handterer grisane har den nødvendige kompetanse til å handtere grisane på ein «god måte». Personellet som er i kontakt med grisene må etter dvl. § 6 og svinehaldsforskrifta § 5, ha kunnskap om korleis manglar i det sosiale og fysiske miljøet skal avhjelpast, og respondere på dette for at krava etter dvl. § 23 første ledd første punktum skal vere innfridd. Kunnskap om grisens åtferdsmessige og fysiologiske behov hjå svineprodusentar og røktarar er såleis eit viktig verkemiddel for å sikre god velferd for grisene ved å føresjå utbrot av halebiting og slagsmål.

Den kodifiserte utgåva av rádsdirektiv 2008/120/EF er som nemnt i punkt 1.4.3 implementert i svinehaldsforskrifta. Vidare er anbefalinga frå Europarådet om svin som nemnt i punkt 1.4.4 ratifisert av Noreg, og førande for det norske regelverket. For å gje eit heilskapleg bilete av reguleringa som ligg til grunn for svinehaldsforskrifta vert difor fortalane til rádsdirektiv 2008/120/EF og anbefalinga frå Europarådet om svin omtala med fokus på deira grunnlag for god velferd for gris, haldne saman med den konkrete reguleringa i dokumenta sine artiklar.

4.2 Vern av gris etter rádsdirektiv 2008/120/EF og anbefalinga frå Europarådet om gris

4.2.1 God velferd for gris etter rádsdirektiv 2008/120/EF

Rådet for den Europeiske Union har i fortalen til den kodifiserte utgåva av rádsdirektiv 2008/120/EF om fastsettjing av minstestandardar for vern av svin heiter det i fortalen avsnitt otte første punktum at gris bør haldast i eit miljø som «møter deres behov for mosjon og utforskende atferd». Etter svinehaldsforskrifta er dette kravet søkt vareteke i § 7 første ledd

¹⁰⁰ Helsetjenesten for svin (2014) s. 3.

der det heiter at driftsmåtar skal leggjast til rette slik at dei gjev gris gode moglegheiter for «bevegelse, mosjon og normal atferd». Svinehaldsforskrifta opnar også for at svin kan haldast ute og heilårs utedrift etter svinehaldsforskrifta §§ 23 og 24.

Etter fortalen til rådsdirektiv 2008/120/EU går det vidare fram i avsnitt ni at når gris blir haldne i grupper «bør det treffes passende regulerende tiltak for å sikre vern og for å bedre deres velferd». For smågris og slaktegris har dette resultert i regulering av arealkrav per gris som blir halden i gruppe, etter kor mykje kvar gris veg, etter rådsdirektivet artikkel 3 bokstav a. Til dømes skal ein gris som veg opp til ti kilo, ha $0,15 \text{ m}^2$, medan gris over 110 kilo skal ha minst 1 m^2 , jf. svinehaldsforskrifta § 26 første ledd. I tillegg krev svinehaldsforskrifta etter andre ledd at det skal vere tilstrekkeleg liggeareal til at alle grisane i bingen kan ligge samtidig.

Vidare går det fram av fortalen til rådsdirektiv 2008/120/EU avsnitt 12 at det må oppretthaldast ein balanse mellom dei ulike aspekt som skal takast i betraktning når det gjeld «velferd, særlig helsemessige, økonomiske og sosiale aspekter samt miljøvirkning». Denne balansen kan sjåast i rådsdirektiv 2008/120/EU vedlegg I kapittel I under alminnelege vilkår nr. 8 andre ledd der det heiter at før kupering av hale eller reduksjon av hjørnetenner vert utført skal det vere treft «andre tiltak» for å «hindre halebiting og andre uvaner» der det takast omsyn til «miljø og dyretethet». Miljøforhold og driftsmåtar skal såleis nyttast for å balansere velferda.

4.2.2 God velferd for gris etter anbefalinga frå Europarådet om gris

I fortalen til anbefalinga frå Europarådet om gris avsnitt seks heiter det at «the environment and management have to fulfil the animals' biological needs rather than trying to «adapt» the animals to the environment by procedures such as mutilations». Anbefalinga frå Europarådet om gris peikar såleis på at miljøfaktorar og dyrehaldet må leggjast til rette for at åtferdsbehova til grisen kan utøvast i staden for at grisen blir tilpassa eit hald som strid mot deira åtferdsmessige og fysiologiske behov. Til dømes skal storleiken på arealet hjå gris som går i grupper reknast ut frå «the biological needs of the animals, their age, sex, breed or physiological condition» etter artikkel 12 første ledd.

Vidare går det fram av artikkel 24 nr. 2 at «mutilation» av gris generelt skal vere forbode og at det skal utøvast tiltak for å hindre at slike prosedyrar er nødvendige «in particular by changing inappropriate environmental factors or management systems by enriching the environment [...]» Liknande formulering går som vist i punkt 4.2.1 fram av rådsdirektiv 2008/120/EU vedlegg I kapittel I under alminnelege vilkår nr. 8 andre ledd om tiltak som omhandlar miljø og dyretettleik. Svinehaldsforskrifta har også liknande regulering i §§ 10

andre ledd om unntak frå inngrespsforbodet og 26 tredje ledd femte punktum om å setje i verk passande tiltak ved teikn på alvorleg kamp mellom smågris og slaktegris.

5 Utøving av åtferdsbehova til grisens og reaksjonar på bingemiljøet etter svinehaldsforskrifta

5.1 Hindring av halebiting med bruk av rotatemateriale

5.1.1 Innleiing

Å tilføre rotatemateriale i bingen gjev grisens moglegheit til å utøve åtferdsbehov og bidreg til betre mental helse og velferd hjå grisane i tråd med dvl. § 23. Reguleringa i svinehaldsforskrifta om rotatemateriale er difor eit viktig verkemiddel for utøving av det grunnleggjande åtferdsbehovet grisens har til å rote i jorda og for å hindre halebiting gjennom stimuli i levemiljøet. Om bruk av rotatemateriale etter svinehaldsforskrifta § 21 har Mattilsynet som nemnt i november 2017 utarbeida ein rettleiar for tildeling av rotatemateriale som er basert på oppmodinga frå Europakommisjonen med fylgjande arbeidsdokument.¹⁰¹ Ved tilsyn i bruksbesetningar nyttar Mattilsynet rettleiaren med vedlegg for å vurdere kravet til rotatemateriale etter svinehaldsforskrifta § 21.

For å finne svar på problemstillinga om kva som er det materielle innhaldet i svinehaldsforskrifta § 21 skal føresegna tolkast. Reguleringa av rotatemateriale etter svinehaldsforskrifta § 21 skal deretter samanliknast med reguleringa etter rådsdirektiv 2008/120/EF med fylgjande arbeidsdokument og anbefalinga frå Europaratet om gris. Vidare blir vurderingar Mattilsynet gjer av svinehaldsforskrifta § 21 gjort greie for etter tilsynsvedtak i slaktegrisbesetningar og rettleiaren om tildeling av aktivitets- og rotatemateriale for gris med vedlegg.

5.1.2 Det materielle innhaldet i svinehaldsforskrifta § 21

I svinehaldsforskrifta kapittel III om tilsyn og stell § 21 heiter det at gris skal til «enhver tid ha tilgang på tilstrekkelig mengde materiale» som dei kan undersøkje, rote i og sysselsetje seg med. Vidare går det fram i andre punktum at materiale som til dømes halm, høy, sagspon, torv, tre(spon), jord eller ei blanding av desse kan nyttast. Etter siste punktum skal rotatematerialet ikkje kunne bringe helsa til dyra i fare. Den naturlege språklege forståinga av «enhver tid» tilseier at rotatemateriale permanent skal ligge føre. Forsking viser til at risikoen

¹⁰¹ Mattilsynet (2017). Rettleiaren blei publisert 10.11.2017.

for halebiting aukar viss grisar som er vant til å få halm dagleg ikkje får det lenger.¹⁰² At rotemateriale skal bli gitt permanent viser såleis til at det gjeld heile livet til grisen, og at det må skiftast ut når det ikkje gjer seg til nytte lenger.

Ordlyden av «tilgang» tilseier at materialet skal bli plassert på ein slik måte at grisen kan kome seg til det og får rota i det. Vidare tilseier «tilstrekkelig mengde» at det må liggje føre så mykje materiale at kvar gris i bingen får tilfredsstilt sitt behov. Bruken av omgrepene «materiale» i føresegna viser tilbake til oppramsinga av dei forskjellige sysselsetjingsobjekta i andre punktum. Med omsyn til at rotematerialet skal innfri grisen sitt matsøk og undersøkjande åtferd kan alle sysselsetjingsobjekta i andre punktum etast og er manipulerbare. Føresegna kjem til bruk på all gris uavhengig av kjønn eller alder då føresegna ikkje gjer noko avgrensing mot dette og er plassert i kapittel III som gjeld generelt tilsyn og stell.

5.1.3 Rådsdirektiv 2008/120/EF med fylgjande oppmodings- og arbeidsdokument

For å imøtegå behovet grisen har når det gjeld utforskande åtferd og å betre velferda for gris med å hindre halebiting heiter det i rådsdirektiv 2008/120/EF I vedlegg I kapittel I under alminnelege vilkår nr. 4 at gris skal ha «permanent tilgang til tilstrekkelige mengder materiale som gir dem mulighet for undersøking og rotting, for eksempel halm, høy, tre, sagflis, soppkompost, torv eller en blanding av disse, som ikke er skadelig for dyrenes helse».

Den europeiske myndigkeit for næringsmiddeltryggleik (EFSA) kom i 2007 med ei utgreiing på vegner av Europakommisjonen om velferd for gris og risikoene som ligg føre for halebiting. Frå konklusjonen i utgreiinga heiter det at:

«[t]ail biting is considered as an abnormal behaviour. The need to perform exploration and foraging behaviour is considered to be a major underlying motivation. The occurrence of tail biting has a multi-factorial origin and there is evidence in the report that some causal factors have more weight, such as the absence of straw, the presence of slatted floors and a barren environment.»¹⁰³

I utgreiinga legg EFSA såleis til grunn ei kopling mellom eit stimulusfattig bingemiljø og risikoene for halebiting. Opphavet til halebitinga består av fleire faktorar. Til dømes tilpassa

¹⁰² Animala Helsetenesta for svin (2016) s. 2.

¹⁰³ The EFSA Journal (2007) s. 8-13.

temperatur, luftkvalitet og tilstrekkeleg tilgang på lys.¹⁰⁴ EFSA konkluderer med at halebiting skapar stress og liding for produksjonsgris og at det såleis utgjer eit velferdsproblem. Om behovet for tilstrekkeleg rotemateriale ved vurdering av risikofaktorar for halebiting legg utgreiinga til grunn at:

«Within the current pig population (docked and undocked), the largest risk for being tail bitten is the lack of appropriate enrichment. This is a compound risk where many factors (material properties) are often involved for example lack of adequate substrate (particle rooted substrate or destructible toy) and fully slatted floor.»¹⁰⁵

I det fylgjande arbeidsdokumentet er det nærmare utpensla korleis sysselsetjings- og rotematerialet skal bli gitt. Til dømes går det fram at rotematerialet bør vere av vedvarande interesse der materialet regelmessig blir skifta ut. Vidare skal rotematerialet vere tilgjengeleg for alle grisane på alle tidspunkt slik at dei kan flytte på det med munnen. Rotematerialet må også bli gitt i tilstrekkeleg mengde slik at alle grisar i bingen får tak i det når dei er motivert for det. Arbeidsdokumentet viser her til at utilstrekkelege mengder av rotematerialet vil skape konkurranse og føre til aggressjon. Til slutt peikar arbeidsdokumentet på at grisane vil miste interessa for rotematerialet dersom det blir skitna til med avføring. Rotematerialet må difor skiftast ut og haldast reint.¹⁰⁶

5.1.4 Regulering av rotemateriale etter anbefalinga frå Europarådet om gris

Som vist til i punkt 1.3 om rettskjeldebiletet er produksjonsdyrkonvensjonen med tilhøyrande anbefaling om gris førande for det norske regelverket. Om krav til rotemateriale heiter det i anbefalinga artikkel 13 at «[a]ll pigs shall at all times have access to adequate amounts of materials for investigation and manipulation, including rooting, for example straw, hay, maize chaff, grass, peat, earth, wood and bark, in order to reduce the risk of behavioural disorder and injuries.» Anbefalinga frå Europarådet gjev såleis uttrykk for ei tilsvarende regulering som går fram av rådsdirektiv 2008/120/EF vedlegg I kapittel I under alminnelege vilkår nr. 4 og svinehaldsforskrifta § 21. Vidare går det fram av anbefalinga frå Europarådet artikkel 12 at «[l]ack of space or overstocking leading to tail biting, trampling, smothering or other disorders shall be avoided.» På same måte som rådsdirektiv 2008/120/EF med fylgjande oppmodings- og arbeidsdokument knyter såleis anbefalinga frå Europarådet om gris halebiting til stimulusfattig miljø, plassforhold og driftsmåtar.

¹⁰⁴ Sjå svinehaldsforskrifta §§ 13 og 14.

¹⁰⁵ The EFSA Journal (2007) s. 10-13.

¹⁰⁶ Arb.dok (2016) s. 6.

5.1.5 Vurderinga Mattilsynet gjer av svinehaldsforskrifta § 21 etter rettleiaren og tilsynsvedtak

Rettleiaren frå Mattilsynet om tildeling av aktivitets- og rottemateriale for gris byggjer på rådsdirektiv 2008/120/EU sitt fylgjande oppmodings- og arbeidsdokument. Likt som med arbeidsdokumentet har ikkje rettleiaren rettskjeldemessig vekt. Rettleiaren vil likevel kunne ha opplysningsverdi og bidra med forståing av kravet til rottemateriale etter rådsdirektiv 2008/120/EU vedlegg I kapittel I under alminnelege vilkår nr. 4. Vedlegg I til rettleiar for tildeling av aktivitets- og rottemateriale frå Mattilsynet inneheld ei liste som kategoriserer kva materiale som er optimalt og kan brukast aleine, kva materiale som er sub-optimalt og må nyttast saman med optimalt materiale, og til slutt materiale som kan vere tidsfordriv for grisane, men som ikkje innfriar deira basale behov.¹⁰⁷

Vedlegg II til rettleiar for tildeling av aktivitets- og rottemateriale frå Mattilsynet inneheld ei liste over korleis dyrehaldar kan vurdere om grisene har nok aktivitets- og rottemateriale etter svinehaldsforskrifta § 21. Rettleiaren viser til at åtferd eller skadar på grisane kan gje ein indikasjon på om det vert gitt tilstrekkeleg mengde materiale. Åtferd som tyder på at bruken av aktivitets- og rottemateriale bør justerast er at grisane bit i anna enn det tildelte materialet som til dømes tverrstenger eller halar og øyrer på andre gris. Anna åtferd er at grisane rotar i og manipulerer gjødsel i bingen, eller slåst med andre gris i bingen om materialet. Skadar som kan tyde på at bruken av aktivitets- og rottemateriale bør justerast er ifølgje rettleiaren vedlegg II at er førekomst av bitte halar og alvorlege skadar på hud.¹⁰⁸

Som nemnt under rettskjeldebilete punkt 1.4.5 fører Mattilsynet tilsyn og gjev rettleiing til verksemder og personar med dyr.¹⁰⁹ Brukt på innandørs svinehald i næring føretak Mattilsynet inspeksjon hjå svineprodusentar, og kan fatte nødvendige enkeltvedtak for å oppnå etterleving av dyrevelferdslova og svinehaldsforskrifta, jf. dvl. § 30 første ledd og svinehaldsforskrifta § 29. Svineprodusenten har rett til å uttale seg om innhaldet i førehandsvarsel om vedtak, og når Mattilsynet har fatta vedtak har vedkomande klagerett, jf. fvl. § 28 første ledd. Ved alvorlege brot på svinehaldsforskrifta kan Mattilsynet ta i bruk ytterlegare verkemiddel etter ei forholdsmessigvurdering i samsvar med dyrevelferdslova §§ 32 til 35. Ved forholdsmessigvurderinga legg Mattilsynet blant anna vekt på alvorsgrada av brotet på føresegnene i svinehaldsforskrifta med omsyn til smerte og liding grisene har vore utsett for.¹¹⁰

¹⁰⁷ Veileder for tildeling av aktivitets- og rottemateriale for gris (2017) vedlegg I.

¹⁰⁸ Veileder for tildeling av aktivitets- og rottemateriale for gris (2017) vedlegg II.

¹⁰⁹ Mattilsynet (2011).

¹¹⁰ Mattilsynet (2013).

Mattilsynet gjennomførte frå 2014 til 2016 eit nasjonalt tilsynsprosjekt om brannsikring i svinehold med hovudvekt på svinehald med slaktegris. I tillegg til gjennomgåing av statusen for brannsikringstiltak kartla tilsynsprosjektet også status om viktige krav for god dyrevelferd i svinebesetningane.¹¹¹ Sentrale dyrevelferdstiltak Mattilsynet gjennomgjekk i dette prosjektet var blant anna plassforhold for smågris og slaktegris etter svinehaldsforskrifta § 26, ventilasjonssystem etter svinehaldsforskrifta § 13 om klima, innretning av sjukebinger etter svinehaldsforskrifta § 8, bruk av rottemateriale etter svinehaldsforskrifta § 21 og om halekupering skjer som eit rutinemessig tiltak, jf. svinehaldsforskrifta § 10.

Om kva som er «tilstrekkelig mengde materiale» etter svinehaldsforskrifta § 21 uttala Mattilsynet i den nasjonale tilsynsprojektrapporten at «[d]et er vanskelig å finne mål på tilstrekkelig mengde rottemateriale, da type materiale varierer. Det skal til enhver tid være tilgang på «nytt» rottemateriale. Hvis rottematerialet deles ut på golvet, skal noe av materialet ikke være tråkket ned». Vidare går det fram av rapporten at prosjektet fastslo at ikkje heile liggearealet måtte vere dekt, og at «minimum 3 cm rottematerialet på golvet var tilstrekkelig mengde».¹¹²

Etter tilsyn med eit svinehald i juni 2017 fatta Mattilsynet med heimel i svinehaldsforskrifta § 21 vedtak om pålegg om at ein svineprodusent måtte sikre at grisane i besetninga «til enhver tid ha tilgang på tilstrekkelig mengde materiale som de kan undersøke, rote i og sysselsette seg med». I denne saka vurderte Mattilsynet at det ikkje var i tråd med regelverket at det var minimalt med strø igjen i bingane då kontrollen fann stad. Mattilsynet fann fleire grisar med opne halesår og fortjukka halar. I ein bingane observerte inspektørane ein gris som gnagde på ein annan gris sin hale.

Om grunngjevinga til krav om rottemateriale uttala Mattilsynet i vedtaket at:

«Å rote er et naturlig atferdsbehov for grisen, og de har en sterk indre motivasjon for å rote. Dersom grisen ikke har tilgang på rottemateriale, altså at den ikke får utført den naturlige atferden, vil det resultere i frustrasjon, inaktivitet, stress, atferdsforstyrrelser, redusert immunforsvar, og man kan risikere at grisen i stedet retter oppmerksomheten mot artsfrender, f.eks. i form av halebiting».

¹¹¹ Mattilsynet (2016) s. 5.

¹¹² Mattilsynet (2016) s. 35.

Mattilsynet nemner ikkje kva som utgjer «tilstrekkelig mengde materiale» etter svinehaldsforskrifta § 21, men viser til at «[e]gnet rotemateriale er deformert, altså det kan tygges på og ødelegges, komplekst, altså forskjellig størrelse og form, variabelt – forskjellig innhold og med belønning i form av spiselige deler. Gode eksempler er høy, halm, silo, ferske trepinner og torv». Svineprodusenten fekk frist på ei veke til å sikre at alle grisane i besetninga til ei kvar tid skulle ha tilgang på tilstrekkeleg mengde materiale som dei kunne rote i.

I ein annan tilsynsrapport med vedtak frå juni 2017 observerte ikkje inspektørane nokon grisar med halesår. Mattilsynet vurderte likevel at det ikkje var i tråd med regelverket at svineprodusenten berre nytta sagspon som rotemateriale. Mattilsynet fatta vedtak om at grisane skulle ha tilgang på tilstrekkeleg mengde materiale til ei kvar tid etter svinehaldsforskrifta § 21. Etter ordlyden i svinehaldsforskrifta § 21 kan materialet «sagspon» åleine eller ei blanding av materiale som er lista opp brukast. Mattilsynet brukte såleis tidlegare praksis der det går fram at materialet blant anna må vere deformert og ha vedvarande interesse for grisen. Denne praksisen stiller såleis eit strengare krav til bruk av rotemateriale enn det ei isolert tolking av svinehaldsforskrifta § 21 krev.

I ein annan tilsynsrapport frå eit anna fylke observerte Mattilsynet sju grisar med opne halesår og fem gris med halesår som var i ferd med å gro, men der det likevel var opent sår. Mattilsynet vurderte i denne sakta at det var i tråd med regelverket at svineprodusenten nytta sagspon åleine som rotemateriale. Mattilsynet vurderte likevel at kravet til rotemateriale etter svinehaldsforskrifta § 21 ikkje var innfridd, då det var fleire dagar sidan svineprodusenten hadde nytta sagspon som strø i bingane. I vurderinga peika Mattilsynet på at grisane skal ha tilgang til «sagspon» som strø til «enhver tid». Dette vedtaket skil seg dermed frå praksisen til Mattilsynet i det førre vedtaket der Mattilsynet kom til at det ikkje var i tråd med svinehaldsforskrifta § 21 at det berre var nytta sagspon.

5.2 Hindring av slagsmål med handtering og bingeutforming

5.2.1 Innleiing

Svinehaldsforskrifta § 8 fjerde og femte ledd gjeld generelt for alle gris i bruksbesetningar og § 26 tredje ledd gjeld for smågris og slaktegris. Desse føreseggnene søker å hindre slagsmål mellom grisane ved å imøtegå rangforholda og reaksjonane grisane har på eit stimulusfattig bingemiljø. Føreseggnene har såleis koplingar mot dvl. §§ 8 første ledd og 23 første ledd ved at miljøet smågris og slaktegris blir haldne i og driftsmåtar har innverknad på trivselen og livskvaliteten til grisane. Desse føreseggnene i svinehaldsforskrifta skal tolkast for å finne det materielle innhaldet. Vidare skal føreseggnene samanliknast med rådsdirektiv 2008/120/EF og

anbefalinga frå Europarådet om gris for å finne likskapar og skilnadar i reguleringa. Tilsynsrapportane med vedtak frå Mattilsynet som eg fekk innsyn i behandla i liten grad desse føreseggnene i svinehaldsforskrifta. Det blir likevel vist til korleis Mattilsynet vurderer svinehaldsforskrifta § 8 sjette ledd om bruk av sjukebingar som fylgje av skade på gris.

Dyrevelferdmeldinga syner til at grisunger som skal vakse fram til slaktegris ofte vert blanda frå ulike kull og besetningar. Blanding av svin som ikkje kjenner kvarandre er ifølgje dyrevelferdmeldinga ei vanleg og ofte naudsynt prosedyre i mange driftsformer. Dette fører til slåsting mellom grisane før dei etablerer ei rangordning. Om innemiljø heiter det i dyrevelferdmeldinga at «[d]et skal være nok plass og mulighet for skjul slik at dyrene kan unngå aggressive artsfrender». ¹¹³ Vekselverknaden mellom dvl. §§ 8 og 23 og føreseggnene i svinehaldsforskrifta kjem her til syne ved at driftsformer med stabile grupper og bingeutforming som gjev tilgang på skjul for smågris og slaktegris vil kunne sikre at grisane blir haldne i eit «miljø» som gjev «god velferd» ut i frå deira «artstypiske og individuelle behov», jf. dvl. § 23 første ledd.

5.2.2 Det materielle innhaldet i svinehaldsforskrifta § 8 fjerde og femte ledd

Svinehaldsforskrifta § 8 fjerde ledd og femte ledd regulerer tiltak for å hindre slagsmål. Etter fjerde ledd heiter det at når svin blir «holdt i gruppe» skal det «tas forholdsregler for å forhindre slagsmål som går ut over normal adferd». Den naturlege språklege forståinga av «holdt i gruppe» sett i samanheng med føresegna regulering av oppstalling tilseier at gris vert plassert i same bing der talet på gris vert rekna ut frå arealplass og vekta til grisen. Ordlyden av «forholdsregler» tilseier at dyrehaldar skal førebu seg med å setje i verk ulike tiltak før slagsmål bryt ut. Den naturlege språklege forståinga av «normal adferd» tilseier at dyret viser artens fulle åtferdsrepertoar. Reguleringa er henta frå rådsdirektiv 2008/120/EF vedlegg I kapittel II om særlege føresegna om ulike kategoriar svin bokstav D nr. 1. Reguleringa i rådsdirektivet gjeld berre for avvendte grisar og avls- eller oppfôringssvin. Med omsyn til at svinehaldsforskrifta § 8 fjerde ledd gjeld for alle gris uavhengig av livsfase eller kjønn gjev føresegna eit meir omfattande krav til dyrehaldar for gris som vert haldne i grupper enn det som går fram av rådsdirektiv 2008/120/EF.

Vidare heiter det i femte ledd første punktum at gris som er «særlig aggressive» eller som «nylig har blitt angrepet» av andre gris, og gris som er sjuke eller skada, skal oppstallast «midlertidig i individuelle binger» eller «mindre grupper» når «hensynet til dyrevernet» tilseier det. Ordlyden av «særlig aggressive» tilseier at grisen er pågående eller angripande.

¹¹³ St.meld. nr. 12 (2002 - 2003) s. 66, 68, 70, 71 og 162.

Vidare tilseier «nylig har blitt angrepet» at ein gris for kort tid sidan har fått skadar eller merke til dømes frå tenner eller klauver til ein annan gris.

Med midlertidige individuelle binger meinast bingar som er åtskilt frå den opphavlege bingen der ein gris kan plasserast for ein kortare periode. Ordlyden av «mindre grupper» tilseier at anten aggressive eller skada gris kan haldast i separate grupper med færre individ. Vidare er ei naturleg språkleg forståing av «dyrevern» at dyrehaldar skal beskytte grisen mot liding. Av tilsvarende regulering i rådsdirektiv 2008/120/EF artikkel 3 nr. 8 heiter det at medlemsstatane skal sikre at gris «som skal holdes i gruppe og som er særlig aggressive, er blitt angrepet av andre svin eller er syke eller skadet, kan holdes midlertidig i egne binger».

I vedtaka eg fekk innsyn i der det var observert halebiting eller skadar på gris som følgje av slagsmål nyttा Mattilsynet ikkje svinehaldsforskrifta § 8 femte ledd som heimel. I staden nyttा Mattilsynet svinehaldsforskrifta § 8 sjette ledd om sjukebingar, eller svinehaldsforskrifta § 18 om forsvarleg behandling av sjuke eller skada grisar. I ein tilsynsrapport med vedtak frå juni 2017 heitte det i Mattilsynets vurdering av svinehaldsforskrifta § 8 sjette ledd at dersom ikkje gris blir isolert i sjukebinge «lider de unødig på grunn av stress, mobbing, trakking og biting frå andre dyr. Dette er dårlig dyrevelferd».

Bruken av svinehaldsforskrifta § 8 sjette ledd er vurdert av Mattilsynet i det nasjonale tilsynsprosjektet frå 2015 som vist til i punkt 5.1.5. Her uttalar Mattilsynet at bakgrunnen for forskriftsføresegna er at dersom sjuke dyr ikkje klarar å kome seg fram til før og vatn i den opphavlege bingen, eller vert mobba, skal dei overførast til ein separat binge. Vidare uttalar Mattilsynet at dyr som er sjuke eller skada i slaktegrisbesetningar sjeldan får behandling. Mattilsynet held fram med at sjuke eller skada grisar heller vert avliva, og at det difor hevdast at det ikkje er behov for sjukebingar.¹¹⁴

5.2.3 Det materielle innhaldet i svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd

Svinehaldsforskrifta § 26 gjeld for smågris, slaktegris og avlsdyr. Etter svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd heiter det at smågrisane etter avvenning skal plasserast og haldast i «stabile grupper», og flyttast «så lite som mulig». Ei ordlydstolking av «så lite som mulig» tilseier at andre tiltak skal nyttast før ein skil smågrisane frå søskena. Den naturlege språklege forståinga av «stabile grupper» er at grisane vert haldt saman med kullsøskene eller smågris dei reknar å høyre til flokken. Blanding av smågris frå ulike kull fører til slåsting, noko som fører til stress og redusert trivnad for grisen. Vidare går det fram av svinehaldsforskrifta § 26 tredje

¹¹⁴ Mattilsynet (2016) s. 35.

ledd at blanding av grisar frå ulike grupper «så langt som mulig» skal unngåast. Likt som etter første punktum tilseier «så langt som mulig» at andre tiltak må prøvast før samanblanding skjer.

Etter svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd tredje punktum heiter det at viss gris som ikkje kjenner kvarandre skal blandast, skal dette normalt skje innan ei veke etter avvenning. Vidare går det fram av fjerde punktum at når dyr blandast, skal dei ha «tilstrekkelig mulighet til å rømme fra andre dyr». Den naturlege språklege forståinga av «tilstrekkelig mulighet til å rømme fra andre dyr» viser til at bingen er utforma, og har stort nok areal til, at ein gris som bli angripen kan kome seg vekk eller finne skjul. Rådsdirektiv 2008/120/EF vedlegg I kapittel II bokstav D nr. 2 første og andre punktum har lik formulering som svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd første til tredje punktum.

Det ligg likevel føre ein skilnad ved at det i rådsdirektivet tredje punktum heiter at «[n]år svin blandes, skal de ha tilstrekkelige muligheter til å unnslippe og gjemme seg for andre svin». I svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd fjerde punktum heiter det at «[n]år dyr blandes, skal de ha tilstrekkelig mulighet til å rømme fra andre dyr». Ved transformasjonen frå rådsdirektivet til svinehaldsforskrifta er ikkje rådsdirektivet si formulering av «gjemme seg for andre svin» teke med. Svinehaldsforskrifta inneheld ikkje noko anna regulering om skjul til gris, men etter § 7 første ledd skal dyrerommet vere utforma og innreia på ein slik måte at grisen ikkje «påføres eller påfører seg selv skade». Lovteknisk er ikkje føresegna meint å regulere aggressiv åtferd då føresegna regulerer generelle krav til bygning og driftsmåtar.

Presumsjonsprinsippet og forrangsforesegna i EØS-lova § 2 andre punktum vil såleis kunne gjere seg gjeldande når det kjem til forståinga av «tilstrekkelig mulighet til å rømme frå andre dyr» etter svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd fjerde punktum mot rådsdirektivets formulering «gjemme seg for andre svin», jf. vedlegg I kapittel II bokstav D nr. 2 tredje punktum. At svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd fjerde punktum også var tiltenkt å innehalde ei regulering om skjul til gris vert også støtta av dyrevelferdsmeldinga som under utgreiinga om gris uttala at «[d]et skal være nok plass og mulighet for skjul slik at dyrene kan unngå aggressive artsfrender».¹¹⁵ Ei omlegging av driftsforma til innreiing av skjul i bingane til smågris og slaktegris vil vere økonomisk kostbart for svineprodusenten.

Oppmodings- og arbeidsdokumentet frå Europakommisjonen tek ikkje opp tiltak for å hindre slagsmål konkret. Men det kan trekkjast koplingar ved at dersom grisen får utøvd sine åtferdsbehov til å rote vil dei få sysselsetjing og kjenne seg mette. Dette vil kunne føre til at

¹¹⁵ St.meld. nr. 12 (2002 - 2003) s. 162.

aggressivitet som knyter seg til tilgang på gode minskar og det vert mindre slåsting. At tilførsel av rotemateriale vil kunne hindre slagsmål går også fram av rådsdirektiv 2008/120/EF vedlegg I kapittel II D nr. 3 der det går fram at når det visast teikn på alvorleg kamp, skal passande tiltak treffast som å sørge for «rikelig med halm til dyrene dersom det er mulig, eller annet materiale for utforsking».

5.2.4 Hindring av slagsmål etter anbefalinga frå Europarådet om gris

Tilsvarande rådsdirektiv 2008/120/EF inneholder anbefalinga frå Europarådet om gris særlege føresegn om ulike kategoriar av gris med nesten same formulering av reguleringa. Punkt IV og V i Europarådeets anbefaling om svin regulerer smågris og slaktegris. I anbefalinga frå Europarådet om gris punkt IV nr. 4 femte punktum heiter det at «[a]ny mixing shall be carefully supervised». Det ligg ikkje føre noko krav om at samanblanding av gris skal overvakast av dyrehaldar etter rådsdirektiv 2008/120/EF vedlegg I kapittel II bokstav D nr. 1-3 eller svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd. Det heiter likevel etter svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd femte punktum at når det er «tegn til alvorlig kamp, skal årsaken straks undersøkes». Tidspunktet for overvakinga etter anbefalinga frå Europarådet om svin er såleis flytta i svinehaldsforskrifta til etter utbrotet har skjedd.

Dyrevelferdsmeldinga peikar på at hyppige samanblandingar aukar aggressjonsnivået og at dersom grisane er ganske like i storleik vart slåstinga meir intens enn om vekta varierer.¹¹⁶ Denne fagfråsega skil seg frå anbefalinga frå Europarådet om svin ved at det under punkt IV nr. 4 fjerde punktum heiter at «[m]ixing of groups of an almost equal size should be aimed at». Vidare går det fram av anbefalinga frå Europarådet om gris punkt IV nr. 5 andre punktum at «[i]f signs of severe fighting appear, preventive measures must be taken, e.g. providing [...] visual barriers». Omlegging av bruksbesetninga til å innehalde synlege barrierar vil krevje endringar i bingeutforminga. Tilsvarande krav om synlege barrierar som skal gje gris moglegheit til å gøyme seg for den som angrip går ikkje fram av svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd. På same måte som for rådsdirektiv 2008/120/EF vedlegg I kapittel II bokstav D nr. 2 tredje punktum tilseier presumsjonsprinsippet at svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd blir tilpassa Europarådets anbefaling om svin si regulering av «visual barriers».

Dersom ekstra rotemateriale eller synlege barrierar som grisen kan kome seg vekk frå angriparen ikkje fungerer heiter det vidare i anbefalinga frå Europarådet om svin punkt IV nr. 5 andre punktum at «animals at risk or particular aggressors shall be removed». Tilsvarande regulering går ikkje fram av svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd, men etter

¹¹⁶ St.meld. nr. 12 (2002 - 2003) s. 71.

svinehaldsforskrifta § 8 femte ledd skal gris som er særleg aggressive eller som nyleg har blitt angripne oppstallast i midlertidige individuelle bingar. Svinehaldsforskrifta § 8 femte ledd gjeld for alle gris og føresegna gjev såleis ei meir vidtgåande regulering enn anbefalinga frå Europarådet om svin punkt IV nr. 5 andre punktum.

5.3 Oppsummering

5.3.1 Krav til rottemateriale etter svinehaldsforskrifta § 21

Ved å tilføre rottemateriale i bingen får grisens moglegheit til å utøve eit grunnleggjande åferdsbehov til å søkje etter mat. Utøving av denne åferda bidreg til betre mental helse og velferd hjå grisane i tråd med dvl. § 23 og føremålsføresegna. Svinehaldsforskrifta § 21, rådsdirektiv 2008/120/EF vedlegg I kapittel I nr. 4 og anbefalinga frå Europarådet om gris artikkel 13 har alle liknande regulering om krav til rottemateriale. Som grunnlag for kravet viser dei ulike reguleringane til velferda til grisene i eit heilskapsbilete der fleire faktorar spelar inn på risikoen for utbrot. Til dømes vil eit stimulusfattig miljø og konkurranse om ressursar kunne avhjelpast med rottemateriale og tilrettelegging i driftsmåtar ved å auke plassforholda og tilgangen på fôr.

Det fylgjande arbeidsdokumentet om praksis for å førebyggje rutinemessig halekupering og gje gris sysselsetjings- og rottemateriale til oppmodning 2016/336 frå Europakommisjonen om bruken av rådsdirektiv 2008/120/EF gjev ei meir detaljert utgreiing av rottemateriale og verknaden av bruken. Utgreiinga viser til at rottematerialet skal ha vedvarande interesse, og stiller såleis krav om kunnskap og merksemd hjå dyrehaldar når det gjeld utskifting då utilstrekkelege mengder vil skape konkurranse og aggresjon. Mattilsynets rettleiar for tildeling av aktivitets- og rottemateriale som er utleia frå Europakommisjonens arbeidsdokument viser i vedlegg II til at førekomst av biting i tverrstenger, bitte halar og skadar på hud tyder på at aktivitets- og rottematerialet bør justerast.

Vurderinga Mattilsynet gjer i vedtak etter tilsyn av reguleringa om at gris «til enhver tid skal ha tilgang på tilstrekkelig mengde materiale» varierer etter kva tolking dei føretak av ordlyden og etter tidlegare praksis. Til dømes kom Mattilsynet i eitt vedtak til at sagspon kunne nyttast åleine som rottemateriale etter svinehaldsforskrifta § 21, medan dei i eit anna vedtak kom til at sagspon ikkje kunne nyttast åleine på bakgrunn av tidlegare praksis som la til grunn at materialet blant anna må vere deformerbart og ha vedvarande interesse for grisene. Det siste vedtaket gjev såleis uttrykk for utgreiinga i arbeidsdokumentet til Europakommisjonen og rettleiarens til Mattilsynet om for tildeling av aktivitets- og rottemateriale med vedlegg.

5.3.2 Stabile grupper og moglegheiter til å rømme

Svinehaldsforskrifta §§ 8 fjerde og femte ledd og 26 tredje ledd søker å hindre slagsmål mellom grisane ved å imøtegå rangforholda og reaksjonane grisane har på eit stimulusfattig bingemiljø. At smågris etter avvenning skal bli haldne i stabile grupper har tilsvarande regulering i svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd første punktum, rådsdirektiv 2008/120/EF vedlegg I kapittel II bokstav D nr. 2 første punktum og anbefalinga frå Europarådet om gris punkt IV nr. 4 første punktum.

Rådsdirektiv 2008/120/EF vedlegg I kapittel II bokstav D nr. 2 tredje punktum gjer ikkje unntak for slaktegris og viser til at når gris blir blanda skal dei ha tilstrekkelege moglegheiter til å «gjemme seg» for andre grisar. Rådsdirektiv 2008/120/EF har såleis ei meir vidtgåande regulering enn svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd fjerde punktum når det gjeld tilrettelegging i bingutforminga for at smågris etter avvenning skal kunne kome seg vekk frå angriparen.

Det ligg også føre ei meir vidtgåande regulering etter anbefalinga frå Europarådet om gris punkt IV nr. 5 andre punktum enn svinehaldsforskrifta § 26 tredje ledd femte punktum ved at anbefalinga viser til at bingen skal innehalde «visual barriers» som eit førebyggjande tiltak ved teikn til alvorleg kamp mellom grisane. Ei tilpassing til desse reguleringane vil føre til at svinehaldsforskrifta stiller krav om at bingar med smågris og slaktegris inneheld skjul som gjev grisar i desse livsfasane moglegheit til å göyme seg, og at bingar med smågris inneheld synlege barrierar.

Litteraturliste

Lov

- 1967 Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven).
- 1974 Lov 20. desember 1974 nr. 73 om dyrevern (dyrevernlova). [oppheva]
- 1992 Lov 27. november 1992 nr. 109 om gjennomføring i norsk rett av hoveddelen i avtale om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde (EØS) m.v. (EØS-loven).
- 2003 Lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven).
- 2004 Lov 16. januar 2004 nr. 5 om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen (svine- og fjørfeproduksjonsloven)
- 2009 Lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd (dyrevelferdsloven).

Forskrift

- 2003 Forskrift 18. februar 2003 nr. 175 om hold av svin.
- 2004 Forskrift 1. april 2004 nr. 611 om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen.
- 2004 Forskrift av 22. april 2004 nr. 665 om hold av storfe.
- 2006 Forskrift 3. juli 2006 nr. 885 om velferd for produksjonsdyr.
- 2010 Forskrift av 11. juni 2010 nr. 814 om delegering av myndighet til Landbruks- og matdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet etter lov om dyrevelferd.
- 2010 Forskrift av 20. oktober 2010 nr. 1356 om delegering av myndighet etter dyrevelferdsloven til å implementere rettsakter som tas inn i EØS-avtalen etter forenklet prosedyre.
- 2012 Forskrift 28. juni 2012 nr. 690 om endring i forskrift om hold av svin.

Førrearbeid

Proposisjonar

- Ot.prp. nr. 27 (1973-1974) *Lov om dyrevern*
- Ot.prp. nr. 15 (2008-2009) *Om lov om dyrevelferd.*

Innstilling til Stortinget

- St.meld. nr. 12 (2002-2003) *Om dyrehold og dyrevelferd.*
- Innst.O. nr. 56 (2008-2009) *Om lov om dyrevelferd.*

Publiserte dommar

Høgsterett

Rt. 1975 s. 807

Rt. 1990 s. 974

Rt. 2006 s. 1648

Rt. 2007 s. 496

Rt. 2008 s. 218

HR-2016-2507-A

HR-2017-1250-A

Lagmannsrett

LE-1988-332

LE-1999-306

LG-2014-180426-2

Internasjonale rettskjelder

Traktat

European Convention for the Protection of Animals kept for Farming Purposes

European Convention for the Protection of Animals kept for Farming Purposes, Strasbourg 9. October 1978.
(Produksjonsdyrkvensjonen)

<https://www.coe.int/en/web/conventions/full-list/-/conventions/treaty/087>

[lest 16.11.2017]

EØS-avtalen

Avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, 17. mars 1993.

Recommendation Concerning Pigs

Standing Committee of the European Convention for the Protection of Animals kept for Farming Purposes (T-AP) Recommendation Concerning Pigs adopted by the Standing Committee on 2 December 2004. (Link til Europaratets anbefaling om svin fungerer ikke. For å finne dokumentet gå til Council of Europe si heimeside:

<https://www.coe.int/en/> - trykk på «Rule of law» i menyen øverst på sida – finn boksen «Common standards and policies» og trykk på «Biological safety and use of animals» - finn «Protection of animals kept for farming purposes» og trykk på «more» - trykk på «Texts and Documents» - trykk på linken til «Recommendation concerning Pigs (adopted by the T-AP on 2 December 2004, entry into force on 2 June 2005).

[lest 16.11.2017]

EU-direktiv

EP/Rdir 91/630/EØF

Rådets direktiv 91/630/EØF af 19. november 1991 om fastsættelse af mindstekrav med hensyn til beskyttelse af svin. (ikkje lenger i kraft)

<http://data.europa.eu/eli/dir/1991/630/oj>

[sist lest 12.11.2017]

EP/Rdir 98/58/EF

Rådets direktiv 98/58/EF af 20. juli 1998 om beskyttelse af dyr, der holdes til landbrugsformål.

<http://data.europa.eu/eli/dir/1998/58/oj>

[sist lest 03.10.2017]

EP/Rdir 2008/120/EF

Rådsdirektiv 2008/120/EF av 18. desember 2008 om fastsettelse av minstestandarder for vern av svin (kodifisert utgave).

<http://data.europa.eu/eli/dir/2008/120/oj>

[sist lest 16.11.2017]

Henstilling C/2016/1345

Kommissionens henstilling (EU) af 8. marts 2016 om anvendelsen af Rådets direktiv 2008/120/EF om fastsættelse af mindstekrav med hensyn til beskyttelse af svin for så vidt angår foranstaltninger med henblik på at begrænse behovet for halekupering

<http://data.europa.eu/eli/reco/2016/336/oj>

[lest 23. oktober 2017]

Arbejdsdokument fra Europa-kommissionens tjenestegrene

Arbejdsdokument af 8. marts 2016 om bedste praksis med henblik på at forebygge rutinemæssig halekupering og give svin beskæftigelses- og rodemateriale.

https://ec.europa.eu/food/animals/welfare/practice/farm/pis_en

(Boksen til høgre som heiter «Related links» - trykk på «Staff working document on best practices» - trykk på PDF-ikonet for å velje språk.)

[lest 16.11.2017]

Litteratur

Bøker

Eckhoff, Torstein. *Rettskildelære*, 5. utg. ved Jan E. Helgesen, Oslo: Universitetsforl., 2001.

Fredriksen, Halvard Haukeland og Mathisen, Gjermund. *EØS-rett*, 2. utg., Bergen: Fagbokforlaget, 2014.

Stenevik, Inger Helen og Mejell, Cecilie M. *Dyrevelferdsloven Kommentarutgave*, Oslo: Universitetsforl., 2011.

Nettside

Animalia, Helsetjenesten for svin. *Halebiting*. (2016),

https://www.animalia.no/contentassets/1fdb4ca4cce34bde888019cf3e943e2a/halebiting_brosyre.pdf [sitert 11.09.2017]

Animalia, Helsetjenesten for svin. *Rotemateriale*. (2016),

<https://www.animalia.no/no/Dyr/svin/helse-og-velferd-i-svinebesetninger/rotemateriale/> [sitert 13.11.2017]

Foreningen Norske Etologer. *Dyrevelferd i utvikling*. (2017),

<http://www.etologi-dyrevelferd.no/dyrevelferd/> [sitert 11.11.2017]

Mattilsynet. *Mattilsynet*. (2011),

https://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/dyrevelferd/ansvar_og_oppgaver/mattilsynet.25.31 [sitert 19.09.2017]

Mattilsynet. *Retningslinje for tilsyn og virkemiddelbruk ved bog- og halesår hos svin*. (2013),

https://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/produksjonsdyr/svin/retningslinje_for_tilsyn_og_virkemiddelbruk_ved_bog_og_halesaar_hos_svin [sitert 12.11.2017]

Mattilsynet. *Rapport Nasjonalt tilsynsprosjekt 2015 Brannsikring i svinehold*. (2016),

https://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/produksjonsdyr/brannsikring/rapport_nasjonalt_tilsynsprosjekt_2015_brannsikring_i_svinehold.22033/binary/Rapport:%20Nasjonalt%20tilsynsprosjekt%202015%20E2%80%93%20Brannsikring%20i%20svinehold [sitert 20.09.2017]

Mattilsynet. *Tilsynsprosjekt for slaktegris i Rogaland*, (2017),
https://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/produksjonsdyr/swin/tilsynsprosjekt_for_slaktegris_i_rogaland.26313 [sitert 20.09.2017]

Scientific Opinion of the Panel on Animal Health and Welfare. *The EFSA Journal*, The risks associated with tail biting in pigs and possible means to reduce the need for tail docking considering the different housing and husbandry systems, (Question No EFSA-Q-2006-013) s. 8-13. <https://www.efsa.europa.eu/en/efsajournal/pub/611> [sitert 13.11.2017]

Vitenskapskomiteen for mattrygghet. *Risikovurderinger*, (2016)
<https://vkm.no/risikovurderinger/risikovurderingersokeresultat.4.2101b48b15c864fabcf27c8.html?query=gris&submitButton.x=0&submitButton.y=0> [sitert 12.10.2017]

Personleg underretning

E-post

Braastad O. Bjarne og Sandem, Agnethe-Iren. e-post, 19.09.2017. *Utredning om dyrs miljøbehov*. (2004) Rapport på oppdrag fra Mattilsynet. Norges Landbrukskole Institutt for husdyr og akvakulturvitenskap.